

Årsrapport 2024

20
24



Årsrapport 2024

Redaksjon

Jonas Sønnesyn

Lars Tveiten

Turid Brattaas

Runo Isaksen

Bilde

HK-dir

Nucleus

Colourbox

Grafisk utforming og illustrasjoner

Anne Katrine Rognerud

Elisabeth S. Guillot

Innhold

1 LEIARS MELDING	4
2 INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL.....	9
2.1 Dette er HK-dir	9
2.2 Organisasjon og leiing.....	11
2.3 Hovudtal.....	12
3 ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT	15
3.1 Mål 1: Utdanningsinstitusjonar og opplæringstilbydarar har tilbod av høg kvalitet	15
3.2 Mål 2: Den enkelte har god kunnskap om og tilgang til utdanning, karriererettleiing og livslang læring.....	36
3.3 Mål 3: Dokumentasjon av utdanning, kompetanse og kvalifikasjonar gir den enkelte tilgang til utdanning og arbeid	48
3.4 Mål 4: Kompetansepoltikken er godt samordna og stimulerer til kompetanseutvikling og samarbeid mellom arbeidsliv og utdanning	60
3.5 Mål 5: Myndigheiter, institusjonar og aktørane i arbeidslivet har eit godt kunnskapsgrunnlag for sine avgjerder om utdanning, forskning og kompetanseutvikling....	66
4 STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA	72
4.1 Del 1: Rapportering om styring og kontroll i verksemda	72
4.2 Del 2: Andre føresetnader og krav	75
5 VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER.....	85
5.1 Ei usikker verd.....	85
5.2 Samanhengande digitale tenester og felles løysingar	86
5.3 Fleire nye oppgåver frå 2025	87
5.4 Nye prioriteringar i det europeiske utdanningssamarbeidet	88
5.5 Å redusere knappheit på kompetent arbeidskraft blir viktigare	88
5.6 Budsjettmessige prioriteringar.....	89
6 ÅRSREKNESKAP.....	90
6.1 Kommentatarar frå leiinga til rekneskapen for 2024.....	90
6.2 Prinsippnote for oppstilling av løyvingsrapportering og artskontorrapportering	93
6.3 Prinsippnote – SRS.....	101



1 Leiarar melding

Utviklinga i verda og i samfunnet i 2024 tydeleggjorde behova for våre tenester. Demokratiet er sett under stadig større press. Utdanning og kompetanse er eit viktig forsvar mot desinformasjon og polarisering. Å gi heile befolkninga tilgang til utdanning og kompetanse er avgjerande for å motverke dette. Vi har også auka innsatsen for tryggleik og beredskap i høgare utdanning, og for å sikra at internasjonalt samarbeid skjer på ansvarlege måtar i ei meir uroleg verd. Tilstrøyming av fordrevne frå Ukraina har auka behovet for fleire av våre tenester.

1.1 Fleire får norskopplæring, norskprøvar og godkjenning av utdanning frå utlandet

I 2024 behandla vi fleire søknader om godkjenning av utanlandsk utdanning enn nokon gong før. Ukrainarar utgjer ein stadig større del av gruppa som søker. Saksmengda gjer at behandlingstida har auka. Vi har prioritert ekstra ressursar til området.

Det høge talet på flyktningar frå Ukraina har også auka behovet for norskopplæring og norskprøvar. I 2024 etablerte vi eit nasjonalt, digitalt tilbod om norskopplæring for innvandrarakar, for å avlaste og supplere den ordinære norskopplæringa i kommunane. Tilbodet vil ytterlegare auke tilgangen på opplæring for vaksne flyktningar og innvandrarakar. Ein tredel av kommunane har tatt i bruk tilbodet så langt, og nær 2 600 fekk denne forma for norskopplæring i 2024.

Dokumentasjon av norskferdigheiter er viktig for tilgang til utdanning og arbeid for dei som ikkje har norsk som morsmål. Gjennomføringa av prøvar i norsk og samfunnskunnskap var vellykka i 2024. Talet på gjennomførte delprøvar i norsk auka mykje for andre året på rad som følge av auken i talet på flyktningar.

1.2 Styrkt tryggleik og ansvarleg internasjonalt samarbeid

Arbeidet med å kartlegge og gi råd til universiteta og høgskulane sitt arbeid med tryggleik og beredskap har blitt viktigare i den nye geopolitiske situasjonen. Råda våre har bidratt til nedgang i talet på alvorlege informasjonstryggleikshendingar i sektoren. Vi har styrkt kunnskapsgrunnlaget for departementet si styring av sektoren innan tryggleik og beredskap.


Det internasjonale samarbeidet må i aukande grad balanserast mot omsynet til samfunnstryggleik og beredskap og nasjonal sikkerheit. Konsekvensane av dette ser vi særleg i vårt arbeid med å legge til rette for norske universitet og høgskolar sitt samarbeid med land utanfor Europa. Vi reviderer jamleg retningslinjene for ansvarleg internasjonalt samarbeid, og driv informasjon og rettleiing overfor sektoren.

1.3 Auka europeisk samarbeid

Vi har styrkt oppfølginga av institusjonar som er ein del av europeiske universitetsalliansar. To nye institusjonar blei med i 2024, slik at til saman 12 norske institusjonar deltar i ulike alliansar. Desse har til saman 66 prosent av studentmassen i høgare utdanning. Alliansearbeidet har potensial til å endre og utvikle norsk høgare utdanningssektor og styrke kvalitet, mobilitet og internasjonalt samarbeid generelt.

I høgare utdanning aukar studentmobiliteten, og Erasmus+ er særskild viktig for å nå det nasjonale målet om 50 prosent studentmobilitet. Sjølv om vi framleis er langt unna å nå dette målet, er det interessant å merke seg at fleire og fleire nyttar seg av tilbodet om korttidsmobilitet i Erasmus+.

Interessa for Erasmus+ i grunnopplæringa aukar. I 2024 delte vi ut meir mobilitetsmidlar til norske grunnopplæringsinstitusjonar enn nokon gong tidlegare. Vi ser også lovande resultat frå målretta satsingar på strategisk bruk av Erasmus+ i fylkeskommunar og kommunar.



1.4 God tilgang til høgare utdanning

Det samordna opptaket til høgare utdanning som vi har ansvar for, blei i 2024 gjennomført som planlagt med berre mindre avvik. 133 000 søkarar, fleire enn nokon gong tidlegare, fekk eit studietilbod gjennom våre tenester. Lærestadene er nøgde med organiseringa og gjennomføringa av opptaka.

Høgare utdanning må vere tilgjengeleg også for dei med funksjonsnedsettingar. Det er viktig også for at dei skal kunne delta i arbeidslivet. Vi når ut til stadig fleire med våre råd om universell utforming, inkludering og tilrettelegging. Som følge av kravet frå 2023 om at offentlege utdanningsinstitusjonar må lage ei tilgjengelegheitserklæring for nettløysingar brukt av studentar, ser vi ein tydeleg auke i innsatsen på dette området. Det har gitt fleire erklæringar, men også synleggjort fleire brot på krava.


1.5 Ei ny reform av grunnopplæringa for vaksne er sett i verk

For å auke yrkesdeltakinga må vaksne som treng det ha tilgang til grunnopplæring som er tilpassa deira behov og føresetnader. Modulforsøka starta opp i 2017 og blei avslutta i 2024 med særst gode resultat. Evalueringa viser at vi i stort har lykkast med å utvikle betre, meir tilpassa, relevante og effektive opplæringsløp i fylke og kommunar. Fullføringsreforma for vaksne blei sett i verk hausten 2024, bygd på erfaringane frå forsøket. Som del av reforma har vi utvikla nye læreplanar, som tredde i kraft frå august.

Dei siste åra har vi hatt eit stadig tettare tverrsektorielt samarbeid om opplæring og utdanning for vaksne for å inkludere fleire, særleg med Arbeids- og velferdsdirektoratet og Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi). I 2024 la vi grunnlaget for meir datadeling mellom fylkeskommunane og Nav, for at dei skal kunne utveksle nødvendig informasjon om brukarane og legge til rette for ei tilpassa opplæring.

1.6 Auka behov for informasjon om kompetansebehov, utdanning og arbeid

Grøn omstilling, demografiske endringar og raskare digitalisering gir andre og auka krav til kompetent arbeidskraft. Det aukar behovet for god informasjon om kompetansebehova, utdanningsvegar og arbeidsmarknaden, og for god karriererettleiing på alle nivå i utdanningssystemet og i arbeidslivet. Bruken av tenestene våre som gir informasjon om utdanning, arbeid og karriere er jamt over høg i befolkninga.



1.7 Kunnskap som grunnlag for politikk og tiltak

I 2024 har vi jobba målretta for å heve kvaliteten på kunnskapsgrunnlaget vårt. Vi ser at våre analysar blir brukt i politikkutvikling og styring, og at det vi leverer har fått auka relevans. Data om høgare utdanning (DBH) har blitt meir tilgjengeleg for forvaltinga, forskingsmiljø og våre eigne tilsette.

Når ein ser resultata i denne årsrapporten samla, er det mi vurdering at direktoratet har god måloppnåing og at vi gir viktige bidrag for å løyse store og viktige utfordringar som Noreg og verda står overfor.

Sveinung Skule, direktør





2 Introduksjon til verksemda og hovudtal

2.1 Dette er HK-dir

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) er eit forvaltingsorgan under Kunnskapsdepartementet (KD).

Vi skal styrke berekrafta og omstillingsevna i samfunnet. Vi jobbar for å løfte og mobilisere kompetansen i befolkninga og sikre arbeidslivet tilgang på kvalifisert arbeidskraft. Vi står på for å gjere utdanning, karriererettleiing og opplæring av høg kvalitet tilgjengeleg for alle heile livet, same kor du bur og kva funksjonsevne du har. Vi er fagleg rådgivar, iverksettar og samordnar for kunnskapssektoren.

Vi bidrar til større heilskap og samanheng i utdannings- og kompetansepolitikken, på tvers av fagskular, høgskular og universitet. Vi undersøker både noverande og framtidige kompetansebehov, og legg til rette for at den enkelte kan ta gode utdannings- og karriereval i alle livsfasar. Vår tids store utfordringar er globale: miljø og klima, handel og økonomi, fattigdom, migrasjon og krig. Globale utfordringar treng globale svar. Vi jobbar med å fremme internasjonalt samarbeid i utdanning på alle nivå.

I 2024 har vi arbeidd mot fem mål:

- Mål 1: Utdanningsinstitusjonar og opplæringstilbydarar har tilbod av høg kvalitet
- Mål 2: Den enkelte har god kunnskap om og tilgang til utdanning, karriererettleiing og livslang læring
- Mål 3: Dokumentasjon av utdanning, kompetanse og kvalifikasjonar gir den enkelte tilgang til utdanning og arbeid
- Mål 4: Kompetansepolitikken er godt samordna og stimulerer til kompetanseutvikling og samarbeid mellom arbeidsliv og utdanning
- Mål 5: Myndigheiter, institusjonar og aktørane i arbeidslivet har eit godt kunnskapsgrunnlag for sine avgjerder om utdanning, forskning og kompetanseutvikling

Vi forvaltar økonomiske, pedagogiske og juridiske verkemidlar i arbeidet vårt for å nå desse måla. Vi baserer arbeidet vårt på brukarmedverking og samarbeid, og arbeider tett med ei rekke andre aktørar. Dei konkrete oppgåvene våre, saman med dei overordna krava til oss når det gjeld system, rutinar og styringsprosessar, går fram av verksemds- og økonomiinstruksen vår.

2.2 Organisasjon og leiing



Leiinga i HK-dir per 31.12.2024:

- Sveinung Skule, direktør
- Gro Tjore, assisterende direktør
- Asbjørn Støverud, divisjonsdirektør arbeidsliv og kompetanse
- Ragnhild Tungesvik, divisjonsdirektør høgare utdanning og forskning
- Dag Hovdhaugen, divisjonsdirektør godkjenning og opptak, og fungerende divisjonsdirektør karriererettleiing
- Kristine Offerdal, divisjonsdirektør analyse og kunnskapsgrunnlag
- John Rasten, divisjonsdirektør styring og organisasjon
- Kristin Solheim, kommunikasjonsdirektør

Vi har hovudkontor i Bergen, og kontor i Tromsø, Trondheim, Oslo og Brussel.

2.3 Hovudtal

2.3.1 Tilsette

I gjennomsnitt hadde vi 494 tilsette og 483 avtalte årsverk i 2024, i samsvar med SSBs statistikk. Per 31.12.2024 hadde vi 517 tilsette, inkludert faste og midlertidige tilsette, lærlingar og nasjonale ekspertar i Europakommisjonen og CEDEFOP. I tillegg hadde vi to lærlingar som er delt mellom Lånekassen, Meteorologisk institutt og oss.



Tabell 2.1 – Tal på tilsette og avtalte årsverk i 2024 (tal frå SSB, gjennomsnitt for året)

Nøkkeltal	
Tal på tilsette	494
Avtalte årsverk	483
Utførte årsverk (SAP)	440,39

2.3.2 Inntekter og løyvingar

Totale driftsinntekter i 2024 er på 722 millionar kroner. Mesteparten av driftsinntektene er frå løyving (668 millionar kroner), kor hovuddelen er frå Kunnskapsdepartementet (KD) på kapittel 256 post 01. Tabell 2 gir oversikt over løyvingar frå KD og andre departement. Mesteparten av midlane frå KD er til ulike typar tilskot innan høgare utdanning, høgare yrkesfagleg utdanning og kompetansepolitikk. For utfyllande informasjon, sjå «Løyvingsrapportering» og «Note A» i årsrekneskapen.

Tabell 2.2 – Oversikt over løyvingar i 2024 pr. departement. Beløp i 1 000 kroner

Departement	Overført frå 2023	Løyvingar 2024	Overføringar og løyvingar 2024
Arbeids- og inkluderingsdepartementet	47 775	146 505	194 280
Kunnskapsdepartementet	321 981	3 308 339	3 630 320
Utanriksdepartementet		54 567	54 567
Kultur- og likestillingsdepartementet		193 950	193 950
Helse- og omsorgsdepartementet		4 000	4 000
Digitaliserings- og forvaltingsdepartementet		1 500	1 500
Totalsum	369 756	3 708 861	4 078 617

2.3.3 Ressursbruk

3,46 milliardar kroner blei brukt på tilskot i 2024. Dei største tilskota våre basert på utbetalte beløp er:

- Tilskot til fagskular: 1,46 milliardar kroner (mål 1)
- Erasmus+: 472 millionar kroner (mål 1)
- Tiltak for vaksne si fullføring av vidaregåande opplæring: 403 millionar kroner (mål 2)
- Studieforbund og vaksenopplæringsorganisasjonar: 266 millionar kroner (mål 2 og 4)
- Kvalitetsutvikling i høgare utdanning: 218 millionar kroner (mål 1)
- Internasjonalt samarbeid i høgare utdanning: 209 millionar kroner (mål 1)
- Kompetansepluss: 183 millionar kroner (mål 2 og 4)

Det varierer kor mykje ressursar vi bruker på tilskotsforvalting og arbeid knytt til tilskotsordningane. Men i sum utgjer dette totalt sett det enkeltområdet vi bruker flest årsverk på. Regelbaserte ordningar slik som driftstilskot til fagskular, tilskot til fullføring av vidaregåande opplæring og tilskot til studieforbund bruker vi få årsverk på. Vi bruker meir på Erasmus+, kvalitetsutvikling i høgare utdanning og internasjonalt samarbeid i høgare utdanning. Der utgjer sjølve tilskotsforvaltinga berre ein del av arbeidet.

Resultat knytt til tilskota vi forvaltar blir omtalt i del 3. Kontroll med tilskotsforvaltinga vår omtaler vi i del 4.

Vi brukte 177 millionar kroner på arbeidet vårt med norskopplæring (mål 2), prøvar i norsk, samfunnskunnskap og statsborgarprøve (mål 3), og karriererettleiing for flyktningar (mål 2). Arbeids- og inkluderingsdepartementet (AID) finansierer dette arbeidet med øyremerkte midlar. Majoriteten av dei som jobbar med oppdraget frå AID, utviklar og legg til rette for gjennomføring av prøvar. Ein vesentleg del av ressursbruken i 2024, i overkant av 20 millionar kroner, har gått til arbeidet med eit nytt prøvesystem.

Utover tilskotsforvalting og arbeidet med AID sitt oppdrag, bruker vi flest av årsverka våre på godkjenning av utanlandsk utdanning (mål 3), rettleiing og informasjon om utdanning, karriere og arbeid (mål 2), opptak til utdanning (mål 2) og arbeid med statistikk, kunnskapsgrunnlag og analyse (mål 5).

I 2024 auka vi ressursbruken innan kunnskapsgrunnlag og analyse (mål 5). Auken blei gjort i samband med redusert ressursbruk på tilskotsforvalting innan høgare utdanning og internasjonalisering (mål 1). Vi auka også ressursbruken innan godkjenning av utanlandsk utdanning (mål 3).

For konkret rapportering på tildelte midlar, sjå del 6.



3

3 Årets aktiviteter og resultat

3.1 Mål 1: Utdanningsinstitusjonar og opplæringstilbydarar har tilbod av høg kvalitet

Gjennom råd og rettleiing, ulike tilskot og forvalting av læreplanar for vaksne bidrar vi til kvalitet i grunnopplæringa, høgare utdanning, høgare yrkesfagleg utdanning og i grunnopplæringa for vaksne. Det har vore ei positiv utvikling i 2024. Vi har saman med sektoren jobba målretta med kompetanseheving for auka strategisk bruk av internasjonalt utdanningssamarbeid i grunnopplæringa, og ser gode resultat av dette arbeidet. Den moduliserte grunnopplæringa for vaksne som blei sett i verk i august som ein del av fullføringsreforma, vil auke både kvaliteten i og tilgangen til opplæring for vaksne. Det same vil det digitale tilbodet i norskopplæring for innvandrarar.

Etter at dei konkurransebaserte ordningane for kvalitetsutvikling i høgare utdanning blei utfasa og midlane blei lagt på ramma til institusjonane, er det no opp til den enkelte institusjonen å definere satsingar på utdanningskvalitet. Det gjer det utfordrande å identifisere sentrale satsingar på nasjonalt nivå. Vi jobbar derfor med å styrke rolla vår som samordnar og fagleg rådgivar, og samle aktørar for å dele kunnskap og erfaringar. Framover vil nye tema som livslang læring, kunstig intelligens, vurdering og fusk vere sentrale i samarbeidet med UH-sektoren. Ansvarleg internasjonalt samarbeid blir stadig viktigare. Vi har også intensivert mobiliseringsarbeidet til Erasmus+.

Høgare yrkesfagleg utdanning har vakse mykje dei siste åra. I 2024 var det seks prosent fleire nye studentar samanlikna med i 2023. Samstundes har den relative studiepoengproduksjonen auka igjen, etter ein dupp i pandemiåra. Tilskota og utviklingsmidlane vi forvaltar er viktige for sektoren. I 2024 har vi fått meir innsikt i korleis utviklingsmidlane kan brukast enda meir treffsikkert.

3.1.1 Kvalitetsutvikling, digitalisering og universell utforming i høgare utdanning

Utvikling i kandidatproduksjon og gjennomføring¹

Talet på uteksaminerte kandidatar frå norske universitet og høgskular er i vekst, sjølv om veksten har flata noko ut dei seinaste åra. I 2023 fullførte 32 965 bachelorstudentar graden sin, mens tilsvarende tal i 2014 var 24 838. Samstundes fullførte 20 837 personar ein mastergrad, opp frå 12 565 i 2014.

Parallelt har det dei siste ti åra vore ein auke i andelen studentar som fullfører utdanninga på normert tid. Frå 2014 til 2023 auka andelen som gjennomførte ein bachelorgrad på normert tid frå 47 til 54 prosent. For toårige mastergrader ser vi berre ei lita endring, frå 51 prosent til 54 prosent i same periode. På dei femårige masterprogramma har det derimot vore ein nokså markant auke i gjennomføring på normert tid dei siste åra, frå under 40 prosent i 2020 til over 50 prosent i 2023. I gjennomsnitt har mellom seks og ti prosent fleire fullført utdanninga om ein legg til to år utover normert tid.

¹ Tala i dette avsnittet er henta frå [Tilstandsrapport for høgare utdanning 2024](#). Sjå denne rapporten med vedlegg for analysar og meir statistikk.

Trass i større studentkull og betre gjennomføring er det vanskeleg å seie noko eksakt om korleis utdanningskvaliteten utviklar seg på sektornivå.

Studiebarometeret viser lita utvikling i kor tilfredse studentane er med utdanningskvaliteten, og det er vanskeleg å peike på einskildårsaker til den svake betringa i gjennomføringstala.

Prosjektmidlar bidrar framleis til kvalitetsauke

Ei rekke fagmiljø har trass utfasingsprosessen drive aktiv kvalitetsutvikling og innovasjon i studieprogramma ved hjelp av prosjektmidlar frå oss også i 2024. Mellom anna er ti senter for framifrå utdanning (SFU) framleis aktive. Ein studie frå NIFU viser at SFU-ordninga gir verdi ved å sikre tid og ressursar til kvalitetsarbeid, styrke samarbeid og studentmedverknad, auke legitimiteten for utdanningsutvikling og skape unike moglegheiter for fagleg vekst. Studien viser også at det er eit uutnytta potensial for å gjere bruk av sentera sin kunnskap og kompetanse nasjonalt sett, og at vi kan gjere meir for å løfte fram sentera sitt arbeid.

I kvalitetsporteføljen er det mange eksempel på at lærarutdanningane har utforska nye former for praksis. Det tar likevel tid før dette bidrar til å endre utdanningane. Fagleg råd for lærarutdanning har gitt ut eit notat med 17 eksempel på nye og arbeidsrelevante former for praksis. Av desse har fem bakgrunn frå prosjekt som er finansierte gjennom kvalitetsporteføljen. I tillegg har eit prosjekt, Lydrik(k), fått tildelt utdanningskvalitetsprisen for høgare utdanning.

Konferansen vår om kvalitet og tilgjengelegheit for framtidens behov for universitet og høgskular var fullteikna. Konferansen får gode tilbakemeldingar og har vore ein nasjonal møteplass for å sette søkelys på viktige kvalitetsutfordringar som sektoren står i.

Stipendiatprogrammet i kunstnarleg utviklingsarbeid, som blei oppretta i 2003, uteksaminerte sin siste stipendiat i 2024. Programmet har tilført dei utøvande og skapande kunstfaga kandidatar med god kompetanse innan kunstnarleg utviklingsarbeid. Det er no etablerte ph.d.-utdanningar ved institusjonane. Stipendiatprogrammet er ført vidare som ein nasjonal forskarskule der vi er koordinator og tilretteleggjar. 29 stipendiatar starta i forskarskulen og 20 disputerte i 2024. Begge tala er høge og viser eit nytt nivå for forskarutdanninga i desse faga.

Ny forskrift forenkler og forbedrar

På oppdrag frå KD har vi gjennomgått og utvikla forslag til nye forskriftsreguleringar om undervisnings- og forskingsstillingar og rekrutteringsstillingar. Dette har fått stor merksemd og vil medføre forenkla administrasjon, redusert behov for rettleiing, mindre utilsikta forskjellsbehandling og større handlefridom for institusjonane. For rekrutteringsstillingane tilseier det nye regelverket at vi kan forvente ei meir spissa tilnærming mot karriereutvikling, blant anna gjennom krav om karriereplan og rettleiing undervegs. For undervisnings- og forskingsstillingane fører forskriftsendringane til at institusjonane kan rekruttere breiare. Den overordna reguleringa inviterer vidare til samarbeid og samordning i UH-sektoren ved at institusjonane kan nytte handlingsrommet sitt til å finne felles løysingar. Vi arbeider no med å utvikle ei rettleiing, i tillegg til ei revidering av forskrifta om tilsetjing på innsteg. Å samle desse tre ulike forskriftene i den generelle UH-forskrifta er eit grep for å gjere regelverket meir brukarvennleg for sektoren. Forskriftsarbeidet heng saman med prosessar rundt akademiske karrierar som sektoren jobbar mykje med, og som vi også jobbar med på fleire felt (mellom anna europeisk samarbeid og karriererettlegging).

Vi har utvikla ei rettleiing til kapittel 7 i universitets- og høgskuleforskrifta, som regulerer skikkavurdering i studium som har krav om dette. Rettleiinga bidrar til presisering av det juridiske rammeverket, slik at UH-sektoren lettare kan vurdere korleis regelverket skal tolkast og kva som er gjeldande rett. Vi har halde innlegg om rettleiinga på den årlege nasjonale konferansen for skikkavurdering i høgare utdanning. I tillegg er det etablert regelmessige møte med dei ansvarlege for skikkavurderingar ved universitet og høgskular, for å dele erfaringar og bidra til samordning.

Nasjonale retningslinjer for helse- og sosialfagutdanningane (RETHOS)

Vi overtok sekretariatsansvaret for dei nasjonale retningslinjene for helse- og sosialfagutdanningane (RETHOS) i 2024. Kvar utdanning som er omfatta av RETHOS har ei programgruppe som utarbeider dei nasjonale retningslinjene og vurderer behovet for revisjonar. I 2024 har sekretariatet følgd opp arbeidet i dei ulike programgruppene, med særleg vekt på dei retningslinjene kor det er behov for revisjonar. Vi har mellom anna sendt på høyring eit forslag til ny forskrift om nasjonal retningslinje for sosionomutdanninga. Fleire retningslinjer skal reviderast i 2025 og vi har ein tett dialog med både programgruppene og styringsgruppa for RETHOS om dette.

Norsk fagspråk

Vi har ansvar for tildeling av tilskot gjennom Lærebokordninga. Dette er ei ordning som stimulerer til utgivingar av norsk- og samiskspråklege lærebøker som det er ei fagleg behov for på bachelor- eller mastergradsnivå, men som det ikkje er tilstrekkeleg kommersielt grunnlag for å gi ut. I 2024 gav vi støtte til i alt 69 bøker som elles ikkje ville ha komme ut. 13 av desse var på nynorsk, og for første gong gav vi støtte til to utgivingar på samisk.

Som eit ledd i oppfølginga av handlingsplanen for norsk fagspråk i academia, har vi deltatt i møte med politisk leiing i KD og Kultur- og likestillingsdepartementet (KUD), og gitt råd for vidare retning for arbeidet med å styrke norsk fagspråk.

Vi har arrangert fleire nettmøte saman med Språkrådet og Termportalen der ulike aktørar har diskutert problemstillingar knytt til vidareutvikling av norsk fagspråk i academia. Desse nettmøta har vore godt besøkte og har sett norsk fagspråk på agendaen på tvers av fagområde og institusjonar.

Digital omstilling

Vi har halde fram oppfølginga av strategi for digital omstilling i høgare utdanning og forskning, som i 2025 går inn i siste år av strategiperioden. I 2024 har vi styrkt kunnskapsgrunnlaget om universitets- og høgskulesektorens arbeid med digital omstilling, gjennom ei tilstandskartlegging som gir oversikt over status for arbeidet til sektoren. Kartlegginga peiker mellom anna på behovet for å styrke den digitale kompetansen, og for å styrke arbeidet med fagnær digitalisering. Vi fann blant anna at det er administrativt og IKT-initiert digitalisering som får mest merksemd hos institusjonane, mens dei fleste har komme kortare i arbeidet med den fagnære digitaliseringa. Kartlegginga viser også at sektoren har lite aktivitet på arbeid med deling av data, eit område som er ei av fem hovudprioriteringar i den nye nasjonale digitaliseringsstrategien som regjeringa lanserte hausten 2024. Kartlegginga har bidratt til kunnskapsbaserte diskusjonar og prosessar om digitalisering internt i institusjonane, i sektorens samstyringsmodell for digitalisering og i andre sektorfora. Dette gir eit godt utgangspunkt for vidare kompetansebygging, samarbeid og kvalitetsarbeid

Gjennom samarbeid og samstyring har vi sett retning på felles tiltak som støttar opp under arbeidet med digital omstilling i sektoren. Saman med andre etatar under KD har vi også gjennom etatsgruppa for digital transformasjon i utdanningssektoren levert første versjon av eit felles vegkart som forpliktar etatane til samarbeid om konkrete tiltak på vegen mot digital transformasjon.


Universell utforming og tilrettelegging

Utdanningskvalitet skal vere for alle studentar, også dei som har behov for tilrettelegging i studiekvardagen. Gjennom vårt arbeid med problemstillingar knytt til universell utforming, inkludering, tilrettelegging og læringsmiljø er vi med på å løfte denne tematikken. Auka innsats på dette området er avgjerande for at utsette grupper tar del i utdanning, og seinare kjem ut i arbeidslivet. Vårt fagmiljø på dette området er anerkjent og svært etterspurt i sektoren.

Vår digitale møteplass for kunnskapsdeling og erfaringsutveksling blant tilsette auka talet på medlemmar med om lag 40 prosent det siste året. Dette har ført til fleire interaksjonar og betre oversikt over utfordringar og gode løysingar. Vår nasjonale konferanse, med heile 360 deltakarar frå sektoren i 2024, er framleis ein etterspurd møteplass for både erfarne og nye arbeidarar, og blir vurdert som den viktigaste arenaen for kunnskap og samhandling innan denne tematikken.

Vi har det siste året også bidratt til auka kunnskap gjennom ei institusjonsundersøking om desse temaa. Institusjonane ønsker betre innsikt i studentane sine faktiske behov for tilrettelegging, spesielt på fakultets- og instituttnivå. Dei peiker også på organisatoriske utfordringar og mangel på kunnskap som område som krev meir innsats. Samstundes arbeider institusjonane no meir systematisk med tilrettelegging for studentar med nedsett funksjonsevne enn tidlegare. Vi gir verdifull støtte for å styrke dette arbeidet.

Frå 1. februar 2023 fekk offentlege utdanningsinstitusjonar plikt til å lage ei tilgjengelegheitserklæring for sine nettløysingar. Ved utgangen av året var det publisert 357 slike erklæringar i UH-sektoren, ein auke frå 290 i året før. Dette arbeidet har også avdekt eit behov for sektorspesifikk fagleg rettleiing og hjelp til prioriteringar innan det digitale læringsmiljøet. For nettløysingar brukt av studentane er det størst auke i talet på erklæringar innan digital eksamen. Her har vi sett inn ekstra innsats, og dette understrekar viktigheita av sektorsamarbeid og støtte frå oss.



Figur 3.1 – Antal tilgjengelegheitserklæringar for utvalde undervisningstenester, 2023–2024

Antal tilgjengelegheitserklæringar i høgare utdanning har auka og fleire institusjonar har no oversikt over korleis det står til med universell utforming av løysingane sine. Viss vi ser nærmare på faktisk grad av samsvar med krava, er det berre ei marginal auke. Dei vanlegaste brota er framleis relaterte til innhaldsprodusentar, forelesarar og oppgåveforfattarar som produserer og legg ut innhald i løysingane, til dømes videoløysingar. I februar 2024 lanserte vi derfor ei rettleiing om teksting av videoar i høgare utdanning. Særleg har vi løfta fram bruken av KI-baserte teksteløysingar, som kan forenkle arbeidet betrakteleg. Med rettleiinga har institusjonane fått konkrete råd som gjer det lettare å prioritere og bruke ressursane meir effektivt for å gjere undervisningsinnhald meir tilgjengeleg for studentane.

Velferdsarbeidet til studentsamskipnadene skal vere integrert i læringsmiljøet ved utdanningsinstitusjonane, og elles supplere det generelle velferdstilbodet i samfunnet. Tilskota til det generelle velferdsarbeidet til studentsamskipnadene har bidratt til tilbodet innan bustad, kantine, trening, helsetenester, barnehage, rådgiving og sosiale, faglege og kulturelle tiltak. Dei landsomfattande interesseorganisasjonane for studentar som fekk tilskot er Association of Norwegian Students Abroad, Norsk studentorganisasjon, Organisasjon for norske fagskulestudentar og Stipendiatorganisasjonane i Noreg. Tilskota har medverka til drift av organisasjonane, til å fremme studentars rettar og interesser, og til å sikra informasjon og tilrettelegging for studentar som studerer eller ønsker å studere i utlandet.

3.1.2 Internasjonalt samarbeid


Kunnskap om effektane av internasjonalisering

Vi har ikkje eit samla kunnskapsgrunnlag som gir status for effektane av internasjonalisering i utdanning. Men vi jobbar systematisk med å hente inn kunnskap som kan belyse ulike sider av internasjonalisering. I 2024 vedtok vi ein strategiplan for kunnskap og formidling 2024–2027, der ei av dei tematiske prioriteringane er internasjonalisering i utdanning og opplæring. Systematisk arbeid med kunnskapsgrunnlaget om internasjonalisering følger vi no opp som ein del av strategiarbeidet. Vi jobbar også med ein evalueringspolicy og plan for evalueringsarbeidet vårt, og målet er at dette skal bidra med meir systematikk og kvalitet i evalueringsarbeidet. Under er nokre eksempel på konkret arbeid som vi har gjort i 2024 med kunnskapsgrunnlag om effektane av internasjonalisering.

Endringar i den geopolitiske situasjonen dei siste åra har påverka internasjonalt kunnskapssamarbeid i stor grad. Rapporten [Geopolitisk spenning og internasjonalt kunnskapssamarbeid](#) viser korleis den geopolitiske spenninga påverkar naturvitskap og teknologi, humaniora og samfunnsfag. Vi har avdekket at det er fare for nedkjøling i kunnskapssamarbeidet med til dømes Kina, fordi institusjonar og fagmiljø er engstelege for tryggleiksspørsmål knytt til samarbeidet. Samstundes understrekar fagmiljøa kor viktig det er med internasjonalt samarbeid både for utvikling av fagområda og for å ha kunnskap om den politiske situasjonen i land som Noreg ikkje har tryggleikspolitisk samarbeid med. Tilbakemeldingar på rapporten tyder på at han er nyttig for institusjonane, og at han gir eit nyansert bilde av utfordringar i ulike delar av sektoren. Rapporten blir brukt som grunnlag for rådgiving for sektoren i samband med program som vi forvaltar og til dialog med sektoren, der bevisstgjeringsom den krevjande balansen mellom openheit og tryggleik er sentralt.

I fleire undersøkingar om internasjonalt prosjektsamarbeid innanfor Erasmus+ kjem det fram at det mest utbreidde utbyttet er dei faglege nettverka og samarbeidsrelasjonane som deltakarane utviklar. Nettverka er heilt sentrale for både pågåande og framtidig utviklingsarbeid, innanfor både utdanning og forskning. Prosjektsamarbeid har ført til utvikling og bruk av nye undervisningsmetodar, læreplanar og materiell, i tillegg til forbetringar av relevante system, prosedyrar og retningslinjer. Nettverka er arenaer for utvikling av kunnskap og faglege ferdigheiter, og kjelder til personlege erfaringar og inspirasjon. Dei som arbeider innan små fagfelt i Noreg, er avhengige av internasjonalt samarbeid for å utvikle kompetansen og vere med i den faglege utviklingsfronten.

Felles for fleire av dei sentraliserte tiltaka i Erasmus+ (CoVE, Innovasjonsalliansar, Kunnskapsalliansar og Sektoralliansar) er at dei har som mål å kople utdanning og arbeidsliv tettare saman. Ei undersøking om desse tiltaka viser at deltakarane frå utdanningsinstitusjonane opplever stor verdi av å ha med arbeidslivsaktørar og at fleirtalet opplever at elevar og studentar får meir arbeidslivsrelevant kompetanse som følge av inkludering av arbeidslivspartnarane i prosjekta. Denne rapporten har vi distribuert til blant andre nasjonale ekspertar i Europakommisjonen og den norske EU-delegasjonen, og han har blitt brukt som referanse i eit policynotat frå Academic Cooperation Association (ACA).



Figur 3.2 – Studentmobilitet i høgare utdanning (3 månader eller meir), 2019–2024

Erasmus+

Inneverande programperiode går frå 2021 og ut 2027, og vi har gjennom åra opplevd ein stadig stigande interesse frå norske aktørar. I grunnopplæringa har ordninga med akkreditering vore særskild vellykka. I høgare utdanning aukar studentmobiliteten, og programmet er særskild viktig for å nå det nasjonale målet om 50 prosent studentmobilitet. Sjølv om vi framleis er langt unna å nå dette målet, er det interessant å merke seg at fleire og fleire nyttar seg av tilbodet om korttidsmobilitet i Erasmus+. Meir fleksible mobilitetsordningar bidrar til at fleire kan ta del i programmet og oppfylle målet om å inkludere flest mogleg.

I 2024 blei ytterlegare to norske institusjonar med i prestisjetiltaket Europeiske universitetsalliansar. Dermed deltar vi i 12 alliansar, og dei institusjonane som er med, omfattar ca. to tredelar av studentmassen, slik at påverknadspotensialet er stort.


Samanfallet mellom fleire prioriteringar i programmet og nasjonalt gjer det til eit godt verkemiddel for til å arbeide med kvalitetsutvikling nasjonalt. Det største potensialet ligg i mobilisering til dei sentraliserte tiltaka, det vil seie dei som blir tildelte direkte frå Europakommisjonen. Her ser vi ei positiv utvikling, der norske institusjonar deltar i totalt 70 prosjekt innvilga sidan 2021, mens talet for heile førre programperiode (2014–2020) var 81.

Nettopp satsing på kompetanseutvikling har vore sentralt for arbeidet med Erasmus+ i 2024. Ei viktig prioritering for grunnopplæringa i 2024 har vore arbeid opp mot kommunar og fylkeskommunar, som har eit breiare nedslagsfelt enn einskildinstitusjonar for å sikre at programmet også når regionale og lokale mål på utdanningsfeltet. Fleire fylke legg vekt på regionalt samarbeid i Erasmus+ og korleis programmet kan bidra til å dekke regionale kompetansebehov. Eit døme på dette er at Vestland fylkeskommune i 2024 fekk tildelt knapt fire millionar euro til eit senter for framifrå fag- og yrkesopplæring (CoVE) på hydrogen med 19 partnerar frå fem land. Målet er å bygge regionale økosystem og å utvikle nødvendig kompetanse innan hydrogen.

Vi har hatt ei satsing overfor kommunesektoren sidan 2021, der tolv kommunar har gjennomgått eit kursløp. Eit resultat av denne satsinga er at vi har gått frå å ikkje ha aktive kommunar i Erasmus+, til at vi no ser ein viss multipliserande effekt der også kommunar som ikkje har gjennomgått kursløpet søker seg inn i programmet. Kommunar som har deltatt i kursløpet har alle mål som er tydeleg knytt opp mot lokale behov, og aktivitetar som er godt integrerte i skular og barnehagar.

Tabell 3.1 – Status pr. 2024 for måltala for norsk deltaking i Erasmus+

Mål 2021 – 2027	Status per 2024
30 000 studentar i høgare utdanning på utveksling	15 096
8 500 tilsette i høgare utdanning på utveksling	5 371
10 000 elevar og lærlingar i fag- og yrkesopplæringa på utveksling	6 461
7 000 elevar i skulen på utveksling	11 040
3 500 lærarar i skulen på utveksling	2 765
1 250 tilsette og deltakarar i vaksenopplæringa på utveksling	1 856
Alle fylkeskommunane skal vere akkrediterte i minst to sektorar	13
Norske institusjonar skal delta i 1 000 partnerskap	554
75 norske institusjonar som ikkje har deltatt i Erasmus+ tidlegare, skal koordinere eit partnerskap	89
15 prosent av alle norskkoordinerte prosjekt skal involvere aktørar frå arbeids- og næringslivet	32,9 %
70 norske organisasjonar frå idrettssektoren skal delta i samarbeidsprosjekt	45
Minimum 25 prosent av alle norskkoordinerte partnerskapar har berekraft som tema	25,1 %
Minimum 20 prosent av alle norskkoordinerte prosjekt har fått stønad til grønne reiser	13,3 %
Minimum 25 % av alle norskkoordinerte partnerskap har inkludering/integrering som tematikk	36,5 %
Minimum 20 % av alle norskkoordinerte prosjekt har fått ekstra midlar til inkludering	35,3 %
Minimum 25 % av alle norskkoordinerte partnerskap har digitalisering som tema	24 %
Minimum 20 % av alle norskkoordinerte prosjekt har kombinert fysisk og digital mobilitet	18,1 %
I løpet av programperioden skal norske institusjonar koordinere eller vere partner i minimum 15 Erasmus Mundus-samarbeid	8
I løpet av programperioden skal norske institusjonar koordinere eller vere partner i minimum 10 innovasjonsalliansar	14
I løpet av programperioden skal norske institusjonar koordinere eller vere partner i minimum fem Erasmus+ lærarakademi	12
I løpet av programperioden skal norske institusjonar koordinere eller vere partner i minimum fire senter for framifrå fag- og yrkesopplæring	5
I løpet av programperioden skal norske institusjonar koordinere eller vere partner i minimum 7 europeiske universitetsalliansar	12



Figur 3.3 – Erasmus+-mobilitet i høgare utdanning (3 månader eller meir), 2019–2024

Sjølv om vi berre er litt over halvvegs i inneverande programperiode, er førebuingane til neste periode, 2028–2034, i full gang. I 2024 blei det ferdigstilt nasjonale rapportar om implementeringa av programmet i alle dei 33 deltakarlanda. Vi gav viktige innspel til den nasjonale rapporten, og til KDs posisjonsnotat til Europakommisjonen. For oss var det særleg viktig å få fram behovet for eit mangfaldig og inkluderande program som tilbyr moglegheiter for både store og små og erfarne og uerfarne organisasjonar.

Programperioden for EØS-midlane 2014–2021 blei avslutta 30. april 2024, og vi har jobba målretta med å gi innspel til rammer og innhald for utdanningsprogram i ny periode. Målet er å legge til rette for større norsk deltaking gjennom forenkling av regelverk og harmonisering mellom EØS-midlane og Erasmus+.

Kunnskapssamarbeid og utveksling med land utanfor Europa


I 2024 har vi bidratt til å styrke samarbeidet med prioriterte land utanfor Europa ved å tildele midlar til i alt 62 prosjekt, gjennom UTFORSK og ein ny fase av det bilaterale, samfinansierte samarbeidsprogrammet med India (INCP2). Det var totalt 137 aktive prosjekt retta mot dei prioriterte samarbeidslanda utanfor EU/EØS i vår portefølje ved utgangen av 2024.

Universiteta og høgskulane som deltar i prosjekt finansiert av partnerskapsprogramma knytt til Panoramastrategien melder at deltakinga bidrar til rekruttering til fagmiljøa og internasjonal nettverksbygging, og fungerer som ein katalysator for å bygge gode internasjonale fagmiljø i Noreg. For studentane betyr det eit meir variert og utvida utvekslingstilbod. Samarbeidet bidrar til å utdanne kandidatar med kompetanse på globale problemstillingar og med kunnskap om land som er viktige for Noreg.

I tillegg til å stimulere til kunnskapssamarbeid med dei prioriterte landa gjennom tilskotsmidlar, mobiliserer vi til slikt samarbeid gjennom å skape møteplassar mellom aktuelle deltakarar i Noreg og samarbeidslanda. I samband med det faglege programmet knytt til statsrådens delegasjonsreise til Brasil blei samarbeidet styrkt gjennom fleire nye samarbeidsavtalar mellom norske og brasilianske UH-institusjonar. Det blei også underteikna ein avtale mellom norske og brasilianske styremakter om utdanningssamarbeid.

Å fremme gjensidig studentutveksling med samarbeidsland utanfor Europa er også eit viktig mål for vårt internasjonaliseringsarbeid. For landa omfatta av Panoramastrategien var det ein liten auke i dei samla utvekslingstala i 2024 samanlikna med 2023. Dette skyldast at det kom fleire innreisande studentar til Noreg frå både Nord-Amerika og Asia. For utreisande studentar var det ein særleg stor auke til Kina, mens nedgangen i utvekslinga til USA held fram. Talet på innreisande utvekslingsstudentar frå samarbeidsland i det globale sør auka også, mens det var ein nedgang i talet på norske studentar på utveksling i desse landa samanlikna med 2023.

Studentutveksling mellom Noreg og prioriterte samarbeidsland utanfor EU/EØS, 2019–2024



Figur 3.4 – Studentutveksling mellom Noreg og prioriterte samarbeidsland utanfor EU/EØS, 2019–2024

Tabell 3.2 – Studentutveksling med Panorama-land (3 månader eller meir), 2019–2024

		Brasil	Canada	India	Japan	Kina	Russland	Sør-Afrika	Sør-Korea	USA	Totalt
2019	Utreisande	40	181	83	125	250	49	152	88	882	1 850
	Innreisande	35	164	43	117	263	130	14	72	264	1 102
2020	Utreisande	17	122	13	100	92	15	63	40	394	856
	Innreisande	22	70	28	92	158	65	21	31	114	601
2021	Utreisande	3	18		14	25	25	9	41	226	361
	Innreisande	20	16	25	3	60	117	3	17	63	324
2022	Utreisande	33	162	27	55	44	17	56	90	960	1 444
	Innreisande	31	126	55	76	169	61	19	46	177	760
2023	Utreisande	45	158	51	182	104		135	104	706	1 485
	Innreisande	44	173	51	129	203	17	49	63	216	945
2024	Utreisande	58	111	69	144	229	0	167	99	601	1 478
	Innreisande	36	192	69	139	251	0	24	65	245	1 021

Internasjonale studentar har dei siste åra opplevd store endringar i vilkåra for å studere i Noreg, mellom anna gjennom innføringa av studieavgift for studentar frå land utanfor EU og EØS/Sveits. I 2024 har 20 studentar med NORPART-fullgradstipend fullført ein norsk mastergrad (med fritak frå studieavgifta). Desse studentane er til dels rekrutterte frå marginaliserte grupper, og har fungert som viktige bindeledd mellom norske institusjonar og partnerinstitusjonar i heimlanda deira. Vi etablerte også den nye stipendordninga NORSTIP retta mot masterstudentar frå utvalde partnerland i Afrika, Asia og Latin-Amerika. Hausten 2024 blei 56 studentar frå 17 land tatt opp, og når ordninga er i full drift vil det til ei kvar tid vere om lag 200 NORSTIP-studentar ved norske institusjonar.

Students at Risk-ordninga, som vi forvaltar på vegner av Utanriksdepartementet, markerte ti-årsjubileum i 2024. I løpet av denne perioden har totalt 146 studentaktivistar som har stått i fare for å miste, eller som har mista studieplassen sin i heimlandet, fått studieplass og stipend til å fullføre utdanninga si i Noreg.

Ansvarleg internasjonalt samarbeid

Den geopolitiske situasjonen har gjort at arbeidet med tryggleik og ansvarleg internasjonalt samarbeid står i sentrum, særleg når norske universitet og høgskular samarbeider med land utanfor Europa. I 2024 har vi styrkt kontaktflatene mot kunnskapsmiljø i andre europeiske land som arbeider med temaet ansvarleg internasjonalt samarbeid. Gjennom webinar, foredrag og konferansar gjer vi retningslinjene om ansvarleg internasjonalt samarbeid betre kjent. Vi ser ein auke i talet på besøk på nettsidene om ansvarleg internasjonalt samarbeid samanlikna med 2023.

Likevel er det grunn til å tru at UH-institusjonane bruker retningslinjene i varierende grad. I den årlege tilstandsvurderinga av tryggleiksarbeidet ved UH-institusjonane gjennomførte vi i 2024 dialogmøte med ti mellomstore institusjonar, mellom anna om ansvarleg internasjonalt samarbeid. Då kom det fram at under halvparten har vurdert korleis dei kan ta retningslinjene inn i eksisterande rutinar. Resten har ikkje gjort seg kjent med innhaldet eller dei vurderer at institusjonen ikkje har informasjonsverdiar som er relevante for nasjonal tryggleik. Det blir også påpeikt at balansen mellom internasjonalt samarbeid og tryggleik er ei stadig utfordring for institusjonane, som gjer at det tar tid å implementere retningslinjene.

Overføring av drifta av United World Colleges-stipendordninga

Kunnskapsdepartementet vedtok i 2024 at drifta av United World Colleges-stipendordninga blir overført til UWC Noreg frå 1. januar 2025. Ei viktig prioritering i 2024 var å utarbeide tilskotsvilkår som definerer ansvarsfordelinga mellom oss som tilskotsforvaltar og UWC Noreg som tilskotsmottakar for ordninga. Vi har også prioritert å sikre ei god overføring av UWC-ordningas drift til UWC Noreg slik at ordninga blir vidareført utan avbrot. Vi skal fortsette å spele ei viktig rolle i kvalitetssikring av ordninga, og vil utbetale elevstipend og driftsmidlar, få rapportering frå UWC Noreg og gjennomføre kontrolloppgåver.

3.1.3 Høgare yrkesfagleg utdanning

Stor vekst i talet på studentar

Veksten i talet på studentar har vore stor dei siste seks åra, mellom anna på grunn av nye studieplassar og veksten i dei skulepengefinansierte tilboda. I dei offentleg finansierte tilboda vil vi særleg peike på veksten i oppvekstfag, som viser korleis både fagskulane og fylkeskommunane tilpassar seg etter politiske signal. Veksten i studieplassmidlar blir godt utnytta, og vi ser ein høg grad av samsvar mellom vekst i offentlege studieplassmidlar og utviklinga i studiepoengproduksjon.

Fylkeskommunane tildelte totalt 1,34 milliardar kroner av tilskotet frå Kunnskapsdepartementet til 44 fagskular i 2024. Av desse var 12 fylkeskommunalt eigd og ein statleg. Det samla beløpet tildelt fagskulane er på nivå med tilskotet frå KD på kapittel 240 post 60.² Som vanleg er det noko variasjon mellom fylkeskommunane knytt til underforbruk nokre år og overforbruk andre år. Dette heng saman med den fylkeskommunale forvaltinga og at midlar overførast frå eit år til neste. Nokre fylkeskommunar bruker truleg også ein del av midlane til eiga forvalting, i tråd med retningslinjene.

I 2024 blei det løyvd 21,5 millionar kronar til 500 nye studieplassar som blei fordelt mellom fylkeskommunane. Dei nye studieplassmidlane har i all hovudsak gått til opptrapping innan tekniske fag og helse- og velferdsfag, slik dei politiske føringane var. Om lag 75 prosent av dei nye studieplassmidlane har gått til nettbaserte tilbod med samlingar. Åtte private fagskular fekk til saman 36 prosent av dei nye studieplassmidlane, mens åtte fylkeskommunale fagskular fekk 64 prosent.

² I tillegg kjem Industrifagskulen, som vi forvaltar, men kor tilskota blir utbetalt via fylkeskommunane.

I tillegg har seks av dei 15 fylkeskommunane rapportert om tilskot på totalt 169,6 millionar kroner frå fylkeskommunane sine frie midlar. Dette er tre millionar kroner mindre enn året før. Det er likevel store skilnader i utviklinga mellom fylkeskommunane. I tidlegare Viken og Troms og Finnmark er nedgangen i bruken av fylkeskommunale frie midlar på 37,7 millionar kroner frå 2023 til 2024, mens det er ein auke på over 40 millionar kroner samla sett i Agder, Møre og Romsdal, Nordland og Trøndelag. Det er grunn til å tru at den store reduksjonen i bruk av fylkeskommunale frie midlar i nokre fylkeskommunar vil gi utfordringar for enkelte av fagskulane. Det vil også kunne innebære at veksten som følge av nye studieplassmidlar frå staten blir lågare enn forventa.

Veksten i dei heilt og delvis offentleg finansierte tilboda er i tråd med forventningane i utsynsmeldinga og perspektivmeldinga, med ein markant vekst i helse- og velferdsfaga og tekniske fag, inkludert data/IT-fag. Innan dei skulepengefinansierte tilboda ser vi ein særleg stor vekst i data/IT-fag og økonomi- og administrasjonsfaga leiing, lønn og rekneskap.

Fullføringsgraden har gått noko ned dei siste åra, frå 65 prosent i 2020 til 59 prosent i 2023. Ser vi på forholdet mellom forventa og faktisk studiepoengproduksjon per semester, ser vi at studentane i 2023 er tilbake på same nivå som i 2020. På grunnlag av dette trur vi at nedgangen i fullføring skyldast særlege forhold under pandemien, og at tala på fullføring vil auke igjen i 2024 og 2025. Vi vurderer at det ikkje er nødvendig å sette i verk eigne tiltak, men vi vil følge utviklinga nøye framover.

Ein stadig større del av studentane nyttar ulike former for fleksibel gjennomføring, til dømes deltidsstudium og nettbasert undervisning med og utan samlingar. Frå 2017 til 2023 har det vore ein vekst på 12 prosentpoeng i talet på studentar på fleksible tilbod. Denne utviklinga stiller krav til pedagogisk kompetanse for å oppretthalde og vidareutvikle kvalitet i utdanningane. Vi har sett i gang ei kartlegging av pedagogiske utdanningstilbod med hovudvekt på nettbasert undervisning for å kunne gjere ei vurdering av om det er behov for tiltak for sikre kvaliteten.

Kvalitetsutvikling i høgare yrkesfagleg utdanning

På oppdrag frå oss har NIFU gjennomført ein studie av korleis fagskular samarbeider med arbeidslivet, og om det er ein samanheng mellom samarbeidsmetodar, relevans og overgang til arbeidslivet. Funna viser at det ser ut til å ha etablert seg ein bransjestandard for samarbeid der lokale fagråd står sentralt. Det er ulik grad av formalisering av samarbeidet i desse fagråda, men dei bidrar til å halde utdanningstilboda oppdaterte og relevante. Forskjellar mellom ulike fagområde med tanke på overgangen til arbeidslivet heng truleg meir saman med eigenarten til ulike delar av arbeidsmarknaden enn med måten fagskulane arbeider på.

Vi forvaltar to tilskotsordningar som bidrar til samarbeid mellom fagskular og arbeidslivet, og til kvalitetsutvikling i fagskulane. Tilskotsordninga Industrifagskulen skal sikre at det blir tilbydd korte og fleksible utdanningstilbod til tilsette i industri- og byggenæringa mens dei står i arbeid. Talet på relevante utdanningstilbod og talet på studentar som bruker tilboda, held fram med å auke. Om lag 3 600 tilsette i industri- og byggenæringa vil årleg få tilbod om kompetanseheving, dei tre neste åra. Dette er rundt 600 fleire kvart år enn i dei føregåande åra.

Utviklingsmidlar til høgare yrkesfagleg utdanning er viktig for kvalitetsarbeidet i sektoren. I 2024 gjennomførte vi ein gjennomgang av ordninga og fann at det er formålstenleg at det er etablert ei eiga, søknadsbasert ordning for utviklingsmidlar, og at ordninga i stor grad fungerer i tråd med intensjonen. Samstundes er sektoren i vekst og utvikling, og nokre justeringar og endringar i utviklingsområda er gjennomført for å gjere ordninga enda meir treffsikker. Det er opna for at eksisterande utdanningar kan reviderast med støtte frå ordninga. For ikkje å bidra til lengre akkrediteringskø hos NOKUT, er det innført krav om fagområdeakkreditering for å utvikle nye utdanningar. Eit nytt utviklingsområde skal stimulere til meir internasjonalt samarbeid i kvalitetsutviklinga av høgare yrkesfagleg utdanning.

I 2024 blei pilotprosjekta Overgangsordningar mellom høgare yrkesfagleg utdanning og universitets- og høgskuleutdanning avslutta. Prosjekta peiker på at god kjennskap på tvers av utdanningsnivåa er nødvendig for å få til gode overgangar. Prosjekta peiker også på hindringar på systemnivå knytt til opptak og godkjenning, innplassering i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring og forståinga av studiepoeng. Vi meiner det er nødvendig å finne gode løysningar i regelverk for opptak og godkjenning for å nå målet om føreseielegheit for søkarar som ønsker overgang mellom utdanningsnivåa.

Oppfølging av stortingsmeldinga om høgare yrkesfagleg utdanning vil få høg prioritet hos oss i 2025. Ei sentral oppgåve blir å lykkast med å legge om forvaltinga av driftsmidla til fagskulane på ein måte som både ivaretar skulane sitt behov for føreseielegheit, og støtter opp under rolla fylkeskommunen har som kompetansepolitisk aktør.

3.1.4 Grunnopplæring og norskopplæring for vaksne

Modulisert grunnopplæring som ny nasjonal ordning

Modulforsøka med grunnopplæring tilpassa vaksne starta opp i 2017 og blei avslutta i juli 2024 med særst gode resultat. Ideas2evidence (2024) finn at vi i stort har lykkast med å utvikle betre, meir tilpassa, relevante og effektive opplæringsløp i fylke og kommunar. Sjå evalueringsrapportane [Forbedret for flere](#) og [Fag- og yrkesopplæring på voksnes premisser](#).

For heile forsøksperioden tildelte vi om lag 109 millionar kroner til dei 42 kommunane og 196 millionar kroner til dei fem fylka som deltok i forsøka. Midlane blei nytta til å dekke meirkostnader til utvikling og gjennomføring av modulstrukturerte opplæringsmodellar.

Våre forslag til nasjonale læreplanar i førebuande opplæring for vaksne blei godt mottatte i høyringsrunden. Dei endelege læreplanane trådde i kraft frå august som del av fullføringsreforma. Overgang til ei nasjonal ordning gir risikoar for manglande og sein implementering, og ulike praksisar. Derfor satsa vi på innføringsarbeid retta mot kommunar og fylkeskommunar, der samarbeid med andre statlege aktørar er eit kriterium for å lykkast. Eit eksempel er desentralisert kompetanseheving for kommunar og fylkeskommunar i regi av Statsforvaltaren. Universitet eller høgskular bidrar fagleg, og kompetansehevinga er finansiert og fagleg støtta av oss.

Den modulisererte opplæringa aukar ikkje berre kvaliteten, men også tilgangen, sidan opplæringa er delt i modular og er meir tilpassa dei vaksne sine ressursar og behov. Opplæringa er også tilpassa minoritetsspråklege. Tal frå [Utdanningsdirektoratet](#) viser at dei 193 kommunane som tilbyr opplæringa, hadde til saman 10 500 deltakarar frå 257 kommunar hausten 2024. Det er første gongen at deltakartala har auka sidan 2020. Nær åtte av ti deltakarar er minoritetsspråklege, og seks av ti er kvinner. [SSB](#) fann at halvparten av dei vaksne deltakarane allereie i 2021/2022 deltok i modulstrukturert opplæring. Vi vurderer at det store omfanget av modulstrukturert opplæring kan tyde på at forsøket har spilt ei rolle i å auke deltakinga. Samstundes vurderer vi at det trengst meir informasjon om opplæringa, både til kommunar og moglege deltakarar. Vi følger utviklinga, og vurderer tiltak.

Kompetansehevande tiltak for lærarar

Vi finansierer fleire studium for lærarar i vaksenopplæringa. Vidareutdanninga i norsk som andrespråk bidrar til å fylla kompetansekrava i integreringslova, og talet på tilbod som fekk støtte auka frå ni i 2023 til fjorten i 2024. Vidareutdanninga i grunnleggande ferdigheiter i regi av Universitetet i Innlandet er retta mot lærarar, kurshaldarar og andre som gir opplæring til vaksne. Gjennomførte studium i desse faga eller tilsvarande fag, gir ein kvalitetsauke i opplæringa og dermed uttøling ved søknad om Kompetansepluss.

Etterutdanninga for fleirspråklege lærarar i samfunnskunnskap tildelte vi til lærarutdanninga ved NTNU. Vi vurderer at undervisninga samsvarer særst godt med kompetansemåla i læreplanen i samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar.

Fleire utlysingar og studietilbod, og auka marknadsføring, har gitt ein betydeleg auke i talet på lærarar som tar vidareutdanning i norsk som andrespråk, også med stipend- og vikarordninga som vi forvaltar: frå 160 i 2023 til 236 i 2024. Det har vore eit mindreforbruk tidlegare år som gav ei ekstra stor budsjetttramme i 2024. Evalueringar frå studentane viser at dei i stort er positive til vidareutdanninga og at dei opplever å få relevant kompetanse.

Tal frå Utdanningsdirektoratet viser at det er om lag 1 300 årsverk i førebuande opplæring for vaksne, og at heile 97 prosent har pedagogisk utdanning. Det er ikkje fastsett krav til vidareutdanning for lærarar i vaksenopplæringa i ny opplæringslov. Våre erfaringar frå modulforsøket kan tyde på at fleire lærarar har ei relevant vidareutdanning. Vi vurderer at norsk som andrespråk, integrert språk og fagopplæring og vaksenpedagogikk er særleg relevant for å sikre høg kvalitet. Mangel på slik kompetanse kan bli ei utfordring om skuleeigarar manglar insentiv og ressursar til kompetansepåfyll for sine lærarar. Vi vil sjå nærare på læraranes kompetanse i 2025.

Innspel frå sektoren og interesseorganisasjonar tyder på at vaksenopplæringa manglar læremiddel på nynorsk. Vi ser nærare på moglege løysningar framover.

Digital norskopplæring

Vi har etablert det nasjonale, digitale tilbodet om norskopplæring som ein rammeavtale for kommunane. Målgruppa er vaksne innvandrarar med rett til opplæring etter integreringslovas § 6 og § 6A. Ved utgangen av året hadde om lag ein tredel av kommunane tatt i bruk tilbodet for nær 2 600 deltakarar. Av desse er nær 1 900 ukrainarar. Følgjevalueringa frå Proba samfunnsanalyse viser at tilbodet er godt eigna for deltakarar med ein viss digital kompetanse, og gir betre tilgang til og meir fleksibilitet i norskopplæringa.

[NIBR](#) (2024) fann at omfanget av og intensiteten i norskopplæring til ukrainarar har gått ned for fleire kohortar. Ukrainarar er nøgde med kvaliteten og fleksibiliteten i opplæringa, men opplever ikkje at omfanget er tilstrekkeleg til å få jobb. Erfaringar frå Nav ser ut til å samanfalle med dette funnet. Trass at mange kommunar bruker det digitale tilbodet, er vår vurdering at tilbodet ikkje når ut til tilstrekkeleg mange deltakarar og i eit tilstrekkeleg omfang, sjølv om deltakarane kan ha behov for og rett til meir opplæring. Tilbodet og utfordringane i norskopplæringa skal vi undersøke nærare, og aktuelle tiltak skal settast i verk.

3.2 Mål 2: Den enkelte har god kunnskap om og tilgang til utdanning, karriererettleiing og livslang læring

Særleg samordna opptak til utdanning og informasjons- og rettleiingstenestene våre om utdanning, arbeidsliv og karriere, bidrar til tilgang på og kunnskap om alternativ og moglegheiter for den enkelte.

Opptaket i 2024 blei gjennomført som planlagt med berre mindre avvik. Lærestadane har gitt tilbakemelding om at dei er nøgde med organiseringa og gjennomføringa av opptaka. Framtidas opptak og nasjonalt samordna masteropptak har vore viktig utviklingsarbeid i 2024.

Vi har fått redusert saksbehandlingstida på sakene til Felles klagenemnd vesentleg, frå omtrent eit år på nokre av dei nye studentsakene i starten av 2024 til mellom ein til tre månader i desember 2024.

Brukarane gir tilbakemeldingar om at dei er svært nøgde med dei digitale karriererettleiingstenestene våre. Det har vore ein auke i bruken av karriereveiledning.no, men ein liten nedgang på utdanning.no. Vi meiner det er viktig å kunne tilby informasjon om jobbmoglegheiter for utdanningane og yrka som brukarane av utdanning.no vurderer. Dette er mogleg, men krev samarbeid om datadeling med Nav. Systemet for karriererettleiing i Noreg har i stort blitt betre i 2024. Samstundes er det fleire viktige tiltak som nyleg har starta og framleis er i gang.

Det er ein strategisk ambisjon for oss å arbeide for ei best mogleg samanheng mellom dei individretta tenestene våre. Ambisjonen er forankra i regjeringa sin digitaliseringsstrategi, tildelingsbrevet frå KD og vår eigen verksemdsstrategi. Hausten 2024 har vi arbeidd med ein moglegheitsstudie for utvikling av meir samanhengande individretta tenester knytt til val av utdanning og karriere, og dessutan dokumentasjon av kompetanse. I 2025 vil vi arbeide vidare med strategiske vegval knytt til dei konseptane og grepa som er utvikla. På lengre sikt bør vi også sjå nærare på korleis det konkret skal skapast samanheng mellom våre tenester, og relevante tenester i andre direktorat og etatar.

3.2.1 Opptak til høgare utdanning

Vellykka opptak i 2024


Vi har ansvar for å sikre eit forsvarleg opptak til høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning, mens ansvaret for dei tekniske systema for dei samordna opptaka og av Nasjonal vitnemålsdatabase (NVB) ligg hos Sikt – Kunnskapssektorens tenesteleverandør.

Totalt møtte 102 330 studentar opp til ulike gradsstudium og årsstudium hausten 2024. Dette talet inkluderer både dei som er tatt opp gjennom Samordna opptak og dei som er tatt opp gjennom lokale opptak. 60 619 av desse studentane blei tatt opp gjennom Samordna opptak.


I 2024 opna åtte lærestader for lokale opptak utan særskilde karakterkrav til studieplassar som stod ledige på sjukepleiestudiet etter det ordinære opptaket. Det samla talet på møtte studentar på sjukepleiestudiet hausten 2024 var 5 493, som er det høgaste talet så lenge Data om høgare utdanning (DBH) har tal for dette. 983 av desse blei tatt opp utan karakterkrav i dei lokale opptaka.

Også på lærarutdanningane blei det hausten 2024 opna for lokale opptak utan karakterkrav på studieplassar som stod ledige etter det ordinære opptaket. Tolv institusjonar fekk dispensasjon til å gjere dette på ulike utdanningar, flest på grunnskulelærarutdanningane. Totalt 716 av dei møtte studentane på lærarutdanningane blei tatt opp utan karakterkrav i lokale opptak. Frå 2025 blir dei særskilde karakterkrava for å komme inn på sjukepleiarutdanninga fjerna, mens dei universiteta og høgskulane som ønsker det kan søke om unntak frå karakterkrava i lærarutdanningane.

I 2024 auka søkartala til høgare yrkesfagleg utdanning gjennom Samordna opptak med om lag 15 prosent. Totalt møtte 7 739 studentar opp til ulike fagskulestudium og fagskulegrader, som er ein tilsvarande auke på om lag 15 prosent frå året før. I 2024 var det 32 799 fagskulestudentar i Noreg. Av 63 fagskular i Noreg deltok 26 fagskular i det samordna opptaket.



Figur 3.5 – Studentar i høgare utdanning, 2020–2024



Figur 3.6 – Studentar i høgare yrkesfagleg utdanning, 2020–2024

Sjå her for [ei fullstendig oversikt over søkar- og opptakstal til høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning](#).

Prosjektet «Framtidas opptak» og nytt nasjonalt samordna masteropptak

Prosjektet Framtidas opptak, det nye opptakssystemet for høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning, er ei prioritert oppgåve. Systemet blir utvikla av Sikt med bistand frå oss. Vi nådde dei milepælane som var sette for 2024, som å etablere ein testtrigg og utarbeide ein mottaks- og implementeringsplan.

Oppdraget blei utløyst av tilstanden til datasystema for det samordna opptaket til grunnstudium ved universitet og høgskular. Prosjektet er delt i to fasar. I fase 1 (2023–2025) blir eit nytt system for dagens samordna opptak til grunnstudium ved universitet og høgskular utvikla. Målet er å ta ned risikoen for samanbrot i dagens utdaterte system og bygge ein brukarvennleg og fleksibel løysning som oppfyller lovkrav til sikkerheit, og har lav driftsrisiko. I fase 2 skal systemet bli vidareutvikla til å omfatte opptak til fagskular, masterstudium og andre lokale opptak.

Vi er ein sentral premissleverandør i utviklinga av det nye systemet. I tillegg er vi ansvarleg for mottak og implementering. Prosjektet krev tett samarbeid mellom oss og Sikt, og at vi har god dialog med universitet, høgskular og KD. KD har i løpet av 2024 gitt styringsgruppa til «Framtidas opptak» eit meir overordna ansvar, og det skal derfor rapporterast samla frå både internprosjektet vi har og frå Sikt.

Hausten 2024 starta vi eit prosjekt for å etablere eit nasjonalt samordna masteropptak. Prosjektet følger opp anbefalingane frå ein rapport frå BOTT-universiteta frå 2022 og ei etterfølgande høyring organisert av oss tidleg i 2024. I 2025 vil arbeidet i stor grad handle om å utforme eit forslag til felles forskriftsreglar for samordna masteropptak, og vi vil ha tett dialog med lærestadene om graden av samordning og utforming av fellesløysingar.

3.2.2 Redusert saksbehandlingstid i Felles klagenemnd

Vi har sekretariatsfunksjonen for Felles klagenemnd. Felles klagenemnd fekk 107 klagesaker i 2024, og fatta 234 vedtak.

Frå 1. august 2024 blei klagebehandlinga av innsynssaker frå UH-sektoren flytta frå Felles klagenemnd til oss. Sekretariatet handterer no desse sakene sjølv. Felles klagenemnd fekk og behandla 44 innsynsklagesaker før 1. august 2024.

Som følge av ugyldig oppnemning av dåverande leiar måtte Felles klagenemnd i 2024 behandle om lag 100 klagesaker på nytt, med ny og riktig samansetting av nemnda. Berre ei studentsak fekk endra utfall etter ny behandling.

Omgjeringssakene og dei såkalla «sjølvplagiat»-sakene medførte eit ekstraordinært medietrykk mot nemnda og sekretariatet i 2024. Det har gått med betydelege ressursar til å handtera innsynskrav og spørsmål frå media.

Vi har over lang tid tatt grep for å redusere saksbehandlingstida. I starten av 2024 var saksbehandlingstida på nokre av dei nye studentsakene på over eitt år. Etter at alle omgjeringssakene blei ferdigbehandla før sommaren 2024, begynte saksbehandlingstida å gå ned. I desember 2024 hadde dei fleste sakene ei behandlingstid på ein til tre månader.

Saksinngangen i 2024 har vore lågare enn tidlegare år. I siste halvdel av 2024 fekk Felles klagenemnd 32 klagesaker.

I saker om fusk ved bruk av kunstig intelligens, har særleg rettsgrunnlag, bevissituasjonen og ulik praksis hos institusjonane, vore utfordrande for nemnda. Nemnda behandla tolv saker om bruk av kunstig intelligens i 2024.

Vi forventar at saksinngangen held seg stabil framover med ei saksbehandlingstid på inntil tre månader, men bruken av kunstig intelligens kan føre til ei vesentleg endring av saksinngangen.

3.2.3 Tilskot for betre tilgang på opplæring og utdanning

Bu- og reisestøtte

I 2024 har vi tildelt 31,9 millionar kroner til 14 universitet og høgskular gjennom ei søknadsbasert ordning som bidrar til å finansiere bu- og reiseutgifter for helse- og sosialfagstudentar som gjennomfører praksis langt frå studiestaden. Midlane må brukast i 2025. Om lag 4 400 studentar fekk støtte i 2024. Ordninga har eksistert sidan 2022 og har bidratt til at fleire tusen studentar kan ta heile landet i bruk som praksisarena og at kommunane kan tiltrekke seg studentar i ein sektor kor mangelen på praksisplassar er stor. Totalt har over 9 100 studentar fått støtte.

Tilskot til studiesenter

I 2024 har vi tildelt 49,9 millionar kroner til 31 studiesenter i heile Noreg. Tilskotet bidrar til at relevant utdanning blir meir tilgjengeleg. Studiesentera er gode på å rekruttere personar som elles ikkje ville hatt moglegheit til å delta i utdanning. Vi ser at fleire studentar får moglegheit til å studere på deltid i sin eigen region gjennom dei studietilboda som studiesentera legg til rette for. Ordninga blei overført til KDD frå 1. januar 2025.

Tilskotsordning for desentralisert og fleksibel utdanning

Gjennom tilskotsordninga for desentraliserte og fleksible studietilbod (årleg utlysing i åra 2019–2023) såg vi ein høg årleg auke i talet på søknader. Til saman fekk 167 prosjekt støtte i perioden som ordninga eksisterte. Institusjonane som har fått tilskot tilbyr studietilbod som er tilrettelagde for regionale og nasjonale kompetansebehov og som bidrar til at fleire får tilgang til utdanning uavhengig av kor i landet dei bur.

Vi merkar også høg interesse frå UH-sektoren når vi arrangerer nettmøte eller konferansar om fleksibel og desentralisert utdanning av høg kvalitet. Gjennom desse arenaene for kunnskaps- og erfaringsdeling legg vi til rette for auka samarbeid mellom institusjonar og fagmiljø.

Tilskot til gjennomføring av vidaregåande opplæring

Tilskotsordninga for fylka til vidaregåande opplæring har sidan 2020 støtta opp om etablering av strukturar og førebudd fylkeskommunane på innføringa av fullføringsreforma. Ordninga har vore retta mot vaksne utan rett som ikkje har fullført og bestått, yrkesfagleg rekvalifisering og fagbrev på jobb. Dette har ført til auka deltaking i vidaregåande opplæring for vaksne. Tilboda er tilpassa behova til kvar enkelt søker, og varigheita varierer.

Den nye opplæringslova og fullføringsreforma er no i gang i fylkeskommunane, og rapporteringa til oss om tilskota er derfor forenkla. Fylka melder om stor aktivitet knytt til tilbod for vaksne. Tilskotet til fagbrev på jobb er det einaste som rapporterer om deltakartal, og dei opplyser om at om lag 600 nye kontraktar er inngått sidan august 2024.

3.2.4 Karriererettleiing

Vi har det nasjonale systemansvaret for offentleg karriererettleiing for unge og vaksne, og forvaltar nasjonalt kvalitetsrammeverk for karriererettleiing på tvers av alle sektorar. I tillegg leverer vi utdanningsinformasjon og digitale karriererettleiingstenester retta mot enkeltindivid gjennom nettsidene utdanning.no og karriereveiledning.no.

Auka etterspørsel etter karriererettleiing

Karriereveiledning.no hadde ein auke på 29 prosent i talet på førespurnader på chat og telefon i 2024. Same år utvida vi tenesta med e-post, og dette blei svært godt mottatt, særleg av dei som treng å ta kontakt utanom opningstida. Talet på sidevisningar på nettsida auka med heile 46 prosent.

Vegsøkarane er svært nøgde med tenesta, og fleirtalet uttrykker at dei får god hjelp og støtte til å ta val knytt til utdanning og arbeid. Tenesta får også gode tilbakemeldingar frå fagfolk, som rådgivarar i skulen og andre karriererettleiarar. Dei opplever at ressursane på nettsida er til god hjelp i arbeidet deira.

Karriererettleiing frå oss har vore godt synleg i media før søknadsfristane for vidaregåande skule og høgare utdanning. Vi har arbeidd målretta for dette. I 2024 hadde vi mellom anna eit samarbeid med TV 2. Vi blir stadig oftare kontakta av media om karriere og utdanningsval, og denne posisjonen ønsker vi å styrke i 2025.

Karriereveiledning.no har per desember 2024 fem verktøy som baserer seg på KI. Dei fire verktøya for jobbsøkarar får gode tilbakemeldingar frå sluttbrukarar, og bidrar til refleksjon rundt jobbmoglegheiter. I tillegg nyttar karriereveiledning.no KI for uttak av brukarinnsikt og statistikk frå tenesta.

Samarbeid med ung.no

I 2023 blei vi ein av samarbeidspartnarane i det tverrsektorielle samarbeidet DigiUng som driv staten sin primærkanal for barn og unge: ung.no. Samarbeidet gjer at vi når ut til fleire ungdommar, og er eit godt eksempel på offentlege tenester som blir knytt saman til det beste for sluttbrukarane.

Gjennom prosjektmidlar frå Helsedirektoratet har vi via DigiUng utvikla eit interesseverktøy for ungdom som skal velje vidaregåande opplæring. Verktøyet blei tilgjengeleg på karriereveiledning.no i desember 2024, og har fått gode tilbakemeldingar. Prosjektet har nytta KI og såkalla Retrieval augmented generation (RAG) i utviklinga av verktøyet. I løpet av 2025 blir verktøyet tilgjengeleg på utdanning.no også.

Alle synest at utdanning.no er nyttig

97 prosent av utdanning.no sine brukarar opplever nettsida som nyttig for utdannings- og karriereval. 65 prosent oppgir at nettsida er svært nyttig, 32 prosent at ho er nyttig. Den årlege brukarundersøkinga blir gjennomført av Norstat. I 2024 var det nær 18 000 respondentar. Litt under halvparten av brukarane er elevar under 19 år.

Utdanning.no har gode tilbakemeldingar frå brukarane, men vi registrerer at innhaldet på nettsida blir konsumert av kommersielle søkemotorar og ulike KI-tenester som bruker innhaldet i eigne tenester, utan å sende brukarane tilbake til utdanning.no. Dette vil truleg føre til nedgang i talet på direktebrukarar i åra framover.

Tabell 3.3 – Besøktal på utdanning.no, 2023–2024

	2023	2024	Endring
Antal brukarsesjonar	8 930 000	8 870 000	-0.7%
Antal sidevisningar	27 100 000	26 200 000	-3.3%

Mangel på arbeidsmarknadsinformasjon kan gi mangel på arbeidskraft

Brukarundersøkinga viser oss at det har blitt stadig viktigare for dei som skal ta utdanning at utdanninga sikrar dei ein jobb. I 2023 var 69 prosent opptatt av dette. I 2024 var det 94 prosent. Dette fortel oss at brukarane har eit stort behov for arbeidsmarknadsinformasjon. Andelen som ikkje veit kva utdanning dei skal ta, auka frå 34 prosent (2023) til 45 prosent (2024). I ei undersøking til 135 karriererettleiarar i fylka svarer 100 prosent at dei treng arbeidsmarknadsinformasjon på fylkes- og regionsnivå.

Trass at det viktigaste for brukarane er informasjon om jobbmoglegheiter for utdanninga og yrka dei vurderer, er dette informasjon som utdanning.no per i dag ikkje kan tilby, slik arbeidsmarknadsetatane i Sverige og Danmark gjer. I Noreg har vi datakjelder med informasjon om yrke og regional arbeidsmarknad, men det er ikkje etablert eit system i samarbeid med Nav for å hente inn, samanstille, dele og gjere slike data tilgjengeleg. Dersom vi skal sikre at flest mogleg fullfører ei utdanning og får ei stabil tilknytning til arbeidslivet, bør vi utvikle dette.

Fleire viktige utviklingsinitiativ fullført på utdanning.no

Ei større teknisk omlegging av utdanning.no, med overgang frå tradisjonelle serverar til skybaserte løysingar var ei stor oppgåve i 2024. Prosjektet blir slutført først i 2025. Målet er sikrare og meir effektiv forvaltning. Viktige initiativ som vi arbeidde med og fullførte i 2024:

- Vi publiserte 246 nye tekstintervju og 145 videointervju med yrkesutøvarar. Dette er blant det mest populære innhaldet på utdanning.no, og blir nytta aktivt av både unge og vaksne for å få ei forståing av kva arbeidet i ulike yrke og bransjar går ut på. Utdanning.no hadde ved årsskiftet henta inn og formidla 8 400 utdanningar, for både offentlege og private utdanningstilbydarar på alle nivå.
- Nye nettsider for høgare yrkesfagleg utdanning blei lansert. Desse skal vi vidareutvikle i 2025, med nye tenester som viser samanhengar mellom sluttkompetansane i fag- og yrkesopplæringa og moglegheiter for vidareutdanning i fagskule.
- Utdanning i utlandet på utdanning.no blei ferdig i 2024 og inneheld no både informasjon og tenester for elevar i vidaregåande opplæring og studentar som vurderer å ta utdanning i utlandet.
- I 2024 har vi starta eit samarbeid med Sikt for å få tilgang til data om vidareutdanningar, emne, minikvalifikasjonar («micro-credentials») og kurs frå lærestadene i UH-sektoren. Vi etablerte mellom anna ein pilot med UiT for å utforske moglegheitene for å hente ut data frå dei nye løysningane til Sikt, slik at utdanning.no kan formidle etter- og vidareutdanningstilbod. Arbeidet held fram i 2025.
- Vi gir informasjon om førebunde opplæring for vaksne og vidaregåande utdanning for vaksne på nettstadene utdanning.no og karriereveiledning.no. Utdanning.no er også tilpassa slik at fylka sjølv kan legge inn og oppdatere informasjonen om vidaregåande opplæring for vaksne.

Karriererettleiing i regi av fylkeskommunane

Fylkeskommunane skal ha eit tilbod om gratis karriererettleiing for alle innbyggjarane, i tillegg til å sørge for karriererettleiing for elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring. Dei skal dessutan tilby karriererettleiing til flyktningar med rett og/eller plikt til slik rettleiing. Karrieresentera rapporterer til oss at stadig fleire av veksøkarane er nøgde eller svært nøgde med karriererettleiinga.

Tabell 3.4 – Karriererettleiing i regi av fylka, 2021–2024

	2021	2022	2023	2024
Antal grupperettleiingar og kurs	1 964	693	1 373	893
Personar som har deltatt på grupperettleiing og kurs			21 913	18 512
Nye flyktningar som har fått grupperettleiing				6 652
Personar som har fått individuell karriererettleiing	23 392	23 400	27 114	22 571
Nye flyktningar som har fått individuell karriererettleiing	4 452	4 854	5 275	3 841
Vegsøkarar som er nøgde eller svært nøgde med karriererettleiinga	94 %	94 %	95 %	96 %

Tabellen viser ein nedgang frå 2023 i talet på vegsøkarar som har fått karriererettleiing. Dette er sannsynlegvis ikkje ein reell nedgang, men kjem truleg av at rutinane for rapportering er endra. Karriererettleiing av nye flyktningar har også gått ned. Dette er meir truleg ein faktisk nedgang som kjem av at færre nye flyktningar kom til Noreg i 2024.

Vi har ei viktig rolle i å hjelpe fylkeskommunane i å ivareta sitt ansvar, og har fleire tiltak som bidrar til dette. Ei fersk spørjeundersøking til fylkeskommunane der 12 av 15 svarte, viser at 11 av 12 fylke er svært eller godt nøgde med vår faglege støtte og rettleiing innanfor karriererettleiing. 75 prosent meiner at tenestene våre i høg eller svært høg grad bidrar til at dei leverer karriererettleiing av høgare kvalitet. 75 prosent meiner også at tenestene våre i høg eller svært høg grad gjer at dei jobbar meir kunnskapsbasert med rettleiingstenestene. Ein del fylke er samstundes opptatt av at vi bør gjere meir for å synleggjere karriererettleiingstenestene og betydninga deira, både overfor folk og avgjerdstakarar lokalt. Dei peiker på for lite ressursar som ei utfordring når dei skal levere god og nok karriererettleiing til elevar, lærlingar, flyktningar og vaksne generelt.

Dei som arbeider med karriererettleiing for flyktningar er ei viktig målgruppe for vårt arbeid med støtte og rettleiing av fylkeskommunane. Vårt arbeid med fylkesvise samlingar mellom fylkeskommunen og kommunane har vist seg å vere eit verknadsfullt grep for å skape betre samarbeid mellom dei to forvaltingsnivåa om karriererettleiing og karrierelæring for flyktningar. Formidling av kunnskap om behov og gode grep for å lykkast med karriererettleiinga har stått sentralt, mellom anna med bruk av dei to undersøkingane som Fafo har gjort dei siste åra, på oppdrag frå oss: [Karriereveiledning for nyankomne flyktninger og innvandrere](#) og dessutan [Karriereveiledning for flyktninger](#).

Karriererettleiing i skulen – kompetansestandardar

I fullføringsreforma er karriererettleiing i skulen eit viktig verkemiddel for betre gjennomføring i vidaregåande opplæring. Som ledd i reforma i 2024 lanserte vi i fjor kompetansestandardar for karriererettleiarar i skulen og for lærarar i faget utdanningsval, basert på det nasjonale kvalitetsrammeverket for karriererettleiing. I dialogen med fylkeskommunane kjem det fram at kompetansestandardane har vekt stor interesse hos dei regionale rådgivarnettverka, som jobbar med å spreie kunnskap om dei og bidra til kvalitetsutvikling. Vi får også klare tilbakemeldingar om behov for meir støtte til implementering av standardane, og derfor lanserer vi på nyåret 2025 fleire digitale støtteressursar.

Eit tiltak i fullføringsreforma er å vidareutvikle utdanningstilbodet for karriererettleiarar i skulen, og vi lyste ut midlar til utvikling og utprøving av minikvalifikasjonar i karriererettleiing. Tre lærestader fekk midlar til dette, og målet er å stimulere til eit meir fleksibelt utdanningstilbod og lågare terskel for å komme i gang med utdanning.

Karriererettleiing for forskarar i tidleg karrierefase

Gjennom [Strategi for forskerrekruttering og karriereutvikling](#) (2022) blei karriererettleiing satt på dagsordenen også for forskarar. I 2024 lanserte vi eit rammeverk for karriererettleiing for forskarar i tidleg karrierefase, og rammeverket har blitt tatt godt imot av sektoren, som samstundes peiker på utfordringar med ressursar og kompetanse til å tilby den nye forskriftsfesta tenesta. Vi arbeider vidare med å støtte institusjonane i implementeringa både med nettverk, kompetanseheving og støtteressursar.

Det er eit urovekkande paradoks at mens fokuset på karriererettleiing for forskarar no aukar, legg fleire høgare utdanningsinstitusjonar ned sine karrieretenester for studentar og nyutdanna. Karriererettleiing kan vere eit viktig verkemiddel for auka gjennomstrøyming i høgare utdanning og raskare overgang til arbeidslivet, og vi meiner det er ei utfordring at det ikkje ligg tydelege forventningar til institusjonane om å tilby slike tenester.

Tiårsjubileum for masterutdanninga i karriererettleiing

Masterutdanninga i karriererettleiing ved USN og INN feira i 2024 tiårsjubileum. Dei to universiteta har på desse ti åra til saman uteksaminert 253 personar med mastergrad i karriererettleiing, 55 av dei gjekk ut i 2024. Slik skjer ei gradvis profesjonalisering av karriererettleiingstenestene, sjølv om det ennå er langt igjen til eit jamt over høgt utdanningsnivå i karriererettleiing. Bevisstheita om faget og behovet for kompetanse veks, og masterutdanninga har bidratt til å inkludere folk frå andre yrkesgrupper og til å samle fagfeltet.

Vi merkar også at kunnskapen aukar gjennom meir forskning, fleire doktorgrader, fleire høgt kompetente fagpersonar som kan involverast i nasjonale utviklingsprossar, og auka pågang for å bidra med innhald til veilederforum.no. I 2024 hadde fagnettstaden 66 550 besøk og over 103 000 sidevisningar fordelt på 44 200 unike besøkande.

Kvalitetsrammeverk for karriererettleiing

Det nasjonale kvalitetsrammeverket for karriererettleiing er tverrsektorielt og fungerer som ei plattform for kvalitet i karriererettleiingstenestene. Med fire omfattande delar, er det mykje å sette seg inn i og ta i bruk for eigarar, leiarar og praktistarar, og vi har i 2024 fortsett arbeidet med å støtte kvalitetsarbeidet, gjennom formidling, møteplassar og digitale støtteressursar.

Med støtteressursen Kvalitetslaboratoriet legg vi opp til varierte former for utforsking av rammeverket og refleksjon over kva dei ulike delane betyr for eige arbeid. I spørjeundersøkinga til fylkeskommunane (sjå ovanfor) seier 83,3 prosent at vi lykkast med å støtte dei i bruken av kvalitetsrammeverket og kvalitetsutvikling i tenestene. 91,7 prosent meiner at vi lykkast med digitale tenester for fagfeltet gjennom Kvalitetslaboratoriet og nettstaden veilederforum.no. Like mange meiner at vi lykkast med kompetanseheving og profesjonalisering av praksisfeltet.

Vi ser likevel at mykje ennå står att før fylkeskommunane fullt ut legg kvalitetsrammeverket for karriererettleiing til grunn for tenesteytinga. Berre 58,3 prosent av seier at dei bruker kompetansestandardane til å kartlegge kompetanse og planlegge kompetanseheving, og det same antalet bruker standardane ved rekruttering av nye medarbeidarar. Vi har ikkje tal på bruken i karrieretenestene i Nav eller i høgare utdanning, men det er ikkje grunn til å tru at tala foreløpig er høgare der.

3.3 Mål 3: Dokumentasjon av utdanning, kompetanse og kvalifikasjonar gir den enkelte tilgang til utdanning og arbeid

Vi har i 2024 behandla og godkjent fleire søknader om godkjenning av utanlandsk utdanning enn nokon gong før. Trass i dette har behandlingstida samla sett auka då veksten i innkomne saker har vore enda høgare. Dette skyldast i stor grad søknader frå ukrainarar, som utgjer ein stadig større del av søkargruppa. Vi ventar at veksten vil halde fram i 2025.

I året som har gått har vi arbeidd mykje med å utvikle tenestene våre på godkjenningssområdet gjennom ytterlegare effektivisering og bruk av robotisering. «Ein god veg inn!»-satsinga følger opp moglegheitstudien for samanhengande tenester nemnt i førre kapittel ved at vi binder godkjenning av utanlandsk utdanning saman med karriererettleiing for å bidra til at fleire ukrainarar kjem raskare i utdanning eller jobb.

Talet på gjennomførte delprøvar i norsk auka med heile 22 prosent frå 2022 til 2023. Talet har fortsett å auke også i 2024: opp 13 prosent frå 2023 til 2024. Vi forventar ein fortsett auke framover, men mindre enn før.

Vi har inngått ein avtale med Open Assessment Technologies (OAT) om å levere ei ny prøveteneste for utvikling og gjennomføring av prøvar i norsk, samfunnskunnskap og statsborgarprøven, og etableringa av ny prøveteneste går etter planen. Det knyter seg likevel risiko til fleire forhold i den digitale utviklinga. Den nye tenesta blir sett i drift hausten 2025.

Det er positiv utvikling i bruken av realkompetansevurdering på fleire område. I 2023 blei 19 prosent av alle nye studentar i høgare yrkesfagleg utdanning tatt opp på grunnlag av realkompetansevurdering, og tala for 2024 ser foreløpig ut til å vere mykje høgare. Gjennom fullføringsreforma har også realkompetansevurdering for vaksne på grunnopplæringsområdet blitt styrkt. Bruken av realkompetansevurdering i høgare utdanning er samstundes stadig låg.

3.3.1 Godkjenning av utanlandsk utdanning

Raskare saksbehandling, men lang saksbehandlingstid

Vi forvaltar fire godkjenningsordningar for utanlandsk utdanning:

- godkjenning av fag- og yrkesopplæring
- generell godkjenning av fagskule
- generell godkjenning av høgare utdanning (både dokumentbasert og intervjubasert godkjenning)
- godkjenning av yrkeskvalifikasjonar for dei to lovregulerte yrka lærar i grunnskulen og styrar/pedagogisk leiar i barnehage


Forvaltinga omfattar også rettleiings- og informasjonsoppgåver om godkjenning av utanlandsk utdanning i Noreg og dessutan om det norske utdanningssystemet gjennom at vi er det norske ENIC-NARIC-kontoret, og nasjonalt informasjonssenter for Globalkonvensjonen. I tillegg forvaltar vi rolla som assistansesenter for yrkeskvalifikasjonsdirektivet.

Overordna har vi lykkast med mykje på godkjenningsfeltet i året som har gått. Mellom anna fattar vi fleire vedtak enn nokon gong, og talet på vedtak auka med 31 prosent frå 2023 til 2024. Samstundes har vi framleis kapasitetsutfordringar på grunn av ein enda større auke i talet på søknader, både i 2024 og dei føregåande åra. I 2021 fekk vi i overkant av 9 000 søknader, mens talet auka til over 15 000 i 2024 (sjå figur 3.8 nedanfor). Ukraina er framleis det største søkarlandet vårt.

Tabell 3.5 – Talet på søknader frå Ukraina, 2021–2024

Type godkjenningsordning	2021	2022	2023	2024	Auke frå 2023 til 2024
Høgare yrkesfagleg utdanning	19	122	380	568	49 %
Pedagogiske yrke	13	91	260	387	49 %
Høgare utdanning	110	491	2 639	3 608	37 %
Totalt, alle godkjenningsordningar	142	704	3 279	4 563	39 %

Det betyr at saksbehandlingstida er lengre enn vi ønsker, og at mange søkarar må vente unødvendig lenge på å få svar frå oss.



Figur 3.7 – Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i dagar, 2021–2024

Samstundes aukar effektiviteten i sjølve saksbehandlinga. I den største godkjenningssordninga, for utanlandsk høgare utdanning, var behandlingstida i gjennomsnitt 25 dagar per sak i 2024, mot 49 dagar i 2021. Auken i den totale saksbehandlingstida skyldast derfor i stor grad manglande kapasitet, slik at sakene ligg lenger før ein saksbehandlar kan starte saksbehandlinga.

Meir effektive godkjenningstenester


På oppdrag frå KD har vi i 2024 kartlagt informasjonstenestene på godkjenningsfeltet, og i den samanheng komme med ei rekke anbefalingar om korleis feltet kan utviklast og forbetrast. Dei foreslåtte tiltaka inneber meir brukarretta tenester som også heng betre saman med andre av dei individretta tenestene våre. Ein del av funna og forslaga frå denne rapporten bearbeidde vi vidare i satsingsforslaget «Ein god veg inn!», som vi sendte til AID hausten 2024, og kor formålet er å bidra til at ukrainarar kjem raskare ut i jobb. Satsingsforslaget har blitt finansiert med 10 millionar kroner i 2025. Vi skal mellom anna utvikle ei rådsteneste for fagskuleutdanning og ein kvalifikasjonsdatabase.

Vi utforskar også moglegheita for å automatisere ulike prosessar ved hjelp av robotisert prosessautomatisering (RPA). I 2024 har vi pilotert RPA på to delprosessar i saksbehandlinga: ekspedering av vedtak og sjekk av søknadshistorikk. Vidare har vi sett opp ein flyt som skal automatisere assistansesenteret sin statistikkrapportering til EU på lovregulerte yrke. Foreløpige resultat viser at vi kan effektivisere saksbehandlinga mykje ved å ta i bruk RPA. I tillegg til effektiviseringsgevinsten, er ein robot mykje meir nøyaktig enn eit menneske vil klare å vere. Automatisering av slike prosessar vil derfor også bidra til å auke kvaliteten på leveransane våre.

Betre føresetnader for kvalifisert arbeid

Tidlegare effektundersøkingar viser at eit godkjenningsvedtak frå oss kan bidra til at personar med utanlandsk utdanning får kvalifisert arbeid og rett lønn. Eit godkjenningsvedtak vil dermed kunne bidra til at fleire med utanlandsk utdanning kjem i jobb, at dei får rett type jobb, og lønn etter kvalifikasjonar.

Figuren nedanfor viser kor mange søknader vi fekk i 2024 og kor mange godkjenningar vi vedtok. Grovt sett kan vi seie at om lag 65 prosent av søknadene fører fram til ei godkjenning.



Figur 3.8 – Utanlandsk utdanning: antal søknader og godkjenningar, 2024

I 2024 utvida vi ordninga for godkjenning av utanlandsk fag- og yrkesopplæring med landa Island og Danmark, og i tillegg kom landbruksmaskinmekanikarfaget, platearbeidarfaget, reiselivsfaget og salsfaget inn i ordninga. Til saman omfattar ordninga 26 norske lærefag frå 7 land. Det betyr at fleire kan få sin utanlandske kvalifikasjon vurdert og med det stå betre rusta på det norske arbeidsmarknaden.

Vår godkjenningskompetanse bidrar i internasjonalt arbeid

For å sikre at godkjenningsordningane våre er i tråd med internasjonale standardar og internasjonal praksis, og at vi bidrar til fornying og utvikling på godkjenningsfeltet, er det viktig at vi deltar aktivt i internasjonalt samarbeid. Dette er også ei formell forplikting vi har i rolla vår som ENIC-NARIC-kontor gjennom Lisboakonvensjonen og EU sitt godkjenningsnettverk, og som nasjonalt informasjonssenter gjennom UNESCOs globale godkjenningskonvensjon.

I 2024 fullførte vi dei to internasjonale prosjekta [BRAVO](#) og [EQUAL](#) (finansiert over EUs Erasmus+-program), som vi har vore koordinator for. Gjennom prosjekta har vi blant anna bidratt til nye prosedyrar, regelverksendringar og nettverksbygging for godkjenning av fagskuleutdanning og flyktingars kvalifikasjonar i andre land.

Vi har og bidratt til at fleire land har ratifisert Globalkonvensjonen og til betre implementering av konvensjonen ved at vi har deltatt i informasjonsarbeid og kapasitetsbygging, og utarbeidd tekstar og rapportar. Vi bidrar med saksbehandlarkapasitet til Europarådets EQPR-prosjekt slik at fleire flyktingar får vurdert sine kvalifikasjonar, og vi bidrar med policyutvikling i det europeiske godkjenningsnettverket ved at ein av medarbeidarane våre er valt inn som representant i NARIC Advisory Board, og ein annan sitter i Europarådets ETINED-plattform.

Arbeids- og samfunnslivets kunnskap om utanlandsk utdanning

Vi rettleier og informerer breitt om godkjenning av utanlandsk utdanning. Den store søknadsmengda til godkjenningsordningane har ført til eit stort trykk på våre e-post- og telefonenester. Ei målsetting i 2024 har derfor vore å sette inn tiltak som bidrar til hjelp til sjølvhjelp – og dermed reduserer behovet for individuell rettleiing frå oss, samstundes som brukaren får raskare svar på spørsmåla sine.

Hausten 2024 omstrukturerte vi innhaldet om godkjenning på hkdir.no for å gjere det lettare tilgjengeleg. Vi har også fått meir tilgjengeleg informasjon om godkjenning av utdanning frå Ukraina, både på norsk og ukrainsk. Vi har lagt til eit kontaktskjema på nettsida som gir brukaren målretta informasjon, og vi har lagt inn rettleiing i telefonbeskjeden for dei som ringer til oss. I tillegg har vi gjennomført 24 webinar/digitale rettleiingsøker med over 1500 deltakarar til saman, og laga fleire informasjonsvideoar.

Det er vanskeleg å måle effekten av dei enkelte tiltaka, men samla sett har vi sett ein nedgang på over 50 prosent i talet på e-postar vi får inn, og talet på telefonar har minka med om lag 15 prosent.

Tabell 3.6 – Utanlandsk utdanning: søknader og vedtak, 2021-2024

	2021		2022		2023		2024	
	Søknader	Behandla	Søknader	Behandla	Søknader	Behandla	Søknader	Behandla
Fag- og yrkesopplæring	768	800	874	847	1 573	1 493	1 708	1 657
Høgare yrkesfagleg utdanning	1 424	1 395	1 577	1 464	1 376	1 388	1 543	1 353
Lovregulerte yrke	832	689	1 137	898	1 270	1 124	1 285	1 569
Høgare utdanning	6 329	5 818	7 559	6 980	9 247	6 641	10 491	9 352
Samla	9 353	8 702	11 147	10 189	13 466	10 646	15 027	13 931

Tabell 3.7 – Land vi får flest søknader frå pr. godkjenningsordning

Generell godkjenning av utanlandsk fagskuleutdanning

Ukraina	568
Polen	193
Litauen	54
Tyskland	43
India	39
Syria	36
Sverige	35
Tyrkia	35
Storbritannia	31
Spania	30
Latvia	26

Lovregulerte yrke

Ukraina	387
Polen	103
Tyrkia	61
Storbritannia	51
Serbia	34
Filippinene	32
Spania	32
India	27
Tyskland	25
Pakistan	24
Russland	23

Fag- og yrkesopplæring

Polen	1 410
Litauen	137
Tyskland	69
Latvia	55
Estland	14
Danmark	9
Island	1

Generell godkjenning av høgare utdanning

Ukraina	3 608
Storbritannia	590
Polen	555
India	488
Pakistan	356
Iran	303
Filippinene	291
USA	257
Tyrkia	243
Russland	209

3.3.2 Kvalitetsutvikling i prøvar i norsk og samfunnskunnskap**Auke i talet på prøvegjennomføringar**

Vi har arbeidd kontinuerleg og systematisk med å ivareta personvernet i tråd med GDPR, for å gi prøvekandidatane i norsk og samfunnskunnskap trygge og stabile prøvegjennomføringar. Vi har også vidareutvikla og vesentleg forbetra kvaliteten og kontrollen på munnleg prøve.

Talet på avlagde delprøvar i norsk har auka vesentleg frå 2022 til 2024, og vi tilskriv denne auken den store innkomsten av ukrainske flyktningar. Vi har tidlegare samanlikna auken med Syria-situasjonen i 2015, men vi ser at dagens bilde skil seg ut på enkelte punkt. Auken i talet på delprøvar no følger ein meir jamn vekst enn den vi såg i 2015.

Talet på ukrainske flyktningar har ikkje hatt ein merkbar effekt på talet avlagde samfunnskunnskapsprøvar i 2024. Talet på prøvegjennomføringar i både norsk og samfunnskunnskap framover vil i stor grad avhenge av utviklinga kring krigen i Ukraina.

Tabell 3.8 – Resultat på norskprøvar fordelt på delprøvar, 2024


Prøvetype	IGFV ³	Under A1 ⁴	A1 ⁴	A2 ⁴	B1 ⁴	B2 ⁴	Antal delprøvar
Munnleg	0,0	0,6	7,8	35,3	36,6	19,7	25 081
Les	0,0	2,4	20,7	30,6	25,5	20,8	19 319
Lytt	0,0	1,4	17,7	35,2	21,3	24,4	18 995
Skriftleg	3,0	0,9	9,7	40,9	37,2	8,4	21 062

Tabell 3.9 – Gjennomførte norskprøvar på nivå C1, 2024

Prøvetype	Antal kandidatar	Prosentandel kandidatar bestått
C1 – Delprøve i lytteforståing og skriftleg kommunikasjon	164	37 %
C1 – Delprøve i leseforståing og munnleg kommunikasjon	177	54 %

³ IGFV – Ikkje grunnlag for vurdering

⁴ Prosentandel av kandidatar som har bestått delprøven på ulike nivå



Figur 3.9 – Talet på avlagde prøvar i norsk (alle delprøvar), 2015–2024

Tabell 3.10 – Talet på kandidatar til samfunnskunnskapsprøven og statsborgarprøven, 2014

	Tal	Prosent
Unike deltakarar som gjennomførte samfunnskunnskapsprøven på norsk	6 094	53 %
Kandidatar som består avsluttande prøve i samfunnskunnskap, og gjennomførte prøvar		
• Talet på kandidatar	11 471	
• Talet på avlagde prøvar (75-timar)	12 512	
• Talet på kandidatar som har bestått prøven (75-timar)	9 797	
• Andel avlagte prøvar som er bestått (75-timar)		79 %
• Andel kandidatar som har bestått prøven (75-timar)		85 %
Kandidatar som består statsborgarprøven, og gjennomførte prøvar		
• Talet på avlagde prøvar	5 324	
• Talet på kandidatar	5 116	
• Talet på kandidatar som har bestått prøven	4 734	93 %
• Prosent av dei avlagde statsborgarprøvene som er bestått		89 %

Forventningar til effekten av eit nytt prøvesystem

Det er viktig at det nye prøvesystemet tilfredsstiller dagens krav og føringar til informasjonssikkerheit, personvern og universell utforming, og legg til rette for betre arbeidsprosessar for brukarane. Det er sentralt at prøvane skal ha like god kvalitet som i dag, og samstundes kan tilpassast for å oppfylle framtidige behov. Med det nye prøvesystemet sikrar vi at norskprøven framleis måler dei same fire ferdigheitsnivåa som i dag, samstundes som samfunnskunnskapsprøven og statsborgarprøven vil ha same format, vurderingsform og kvalitet som i dag.

I tillegg til arbeidet med eit nytt prøvesystem, har vi i 2024 jobba godt med verktøy for å kartlegge og undervegsvurdere språkferdigheiter, og med ei ny sensurordning for munnleg prøve. Arbeidet med å legge til rette for gjennomføring av norskprøven i utlandet fortset i 2025.

Arbeids- og samfunnslivets kunnskap om ferdigheitsnivå i norsk språk

Vi arbeider for å nå ut til flest mogleg med informasjon om språknivå og norskprøven. Dette er viktig for at prøven skal fungere som ein inngang til utdanning og arbeid. Nettsidene for kandidatar og lærarar er godt besøkte og inneheld mykje informasjon om språknivåa. I februar 2024 oppretta vi dessutan ei eiga nettside retta mot arbeidsgivarar, med informasjon om språknivåa og det å sette språkkrav for tilsetting. Denne nettsida har hatt ein jamn auke i besøkstal gjennom året.

Sjølv om nettsidene er godt besøkte, opplever vi framleis stor etterspørsel etter og behov for meir kunnskap om språknivåa og prøvane, særleg blant dei som ikkje jobbar i kommunal vaksenopplæring. Vi arbeider derfor for å nå andre enn dei som er i målgruppene for nettsidene våre, blant anna ved å delta på større arrangement med presentasjon av språknivåa. I 2024 har vi deltatt på Fagverkstad i regi av IMDi, og frukostseminar i regi av Språkrådet, IMDi og oss. Tilbakemeldingane frå desse arrangementa har vore gode og støttar opp om inntrykket av behovet. Vi har også bidratt fagleg til nettbasert vidareutdanningstilbod om språktesting ved Universitetet i Bergen.

Realkompetansevurdering

I høgare yrkesfagleg utdanning fortset den positive utviklinga med auka bruk av realkompetansevurdering til opptak. 19 prosent av alle nye studentar i høgare yrkesfagleg utdanning blei tatt opp på grunnlag av realkompetansevurdering i 2023, og tala for 2024 ser foreløpig ut til å vere mykje høgare. Men det er ein del usikkerheit knytt til bruken av realkompetansevurdering i rapporteringa frå fagskulane, og det er grunn til å tru at ein del av veksten kjem av at fleire studentar allereie har høgare utdanning frå før. Dette er ei problemstilling som vi vil undersøke nærmare i arbeidet med Tilstandsrapporten 2025, kor vi analyserer tala for 2024.

Opptak på grunnlag av realkompetansevurdering til korte emne og mindre studium i høgare utdanning er vedvarande lågt. Bruk av realkompetansevurdering ved lokale opptak utgjer om lag 0,55 prosent av alle opptakstilbod i vidareutdanningar. Vi vil halde fram arbeidet med å auke kapasiteten og styrke ordninga med realkompetansevurdering på alle utdanningsnivå. Vi har vore opptatt av å auke bruken av realkompetansevurdering i bransjeprogramma, og der er opptak på grunnlag av realkompetansevurdering no på heile 14 prosent samla for UH og HYU.

I 2024 har vi tatt viktige steg for å styrke realkompetansevurdering som ein del av fullføringsreforma. Vi har mellom anna utvikla og lansert eit kurs for fagpersonar i vidaregåande opplæring for vaksne (VOV). Kurset lanserte vi i desember 2024, og per 3. februar 2025 er 249 kursbevis skrivne ut. Dette har gitt fleire vurderarar nødvendig kompetanse og har bidratt til meir einskapleg praksis for målgruppa. Det nasjonale nettverket for realkompetansevurdering har hatt kraftig vekst og har no over 300 medlemmar, noko som styrker erfaringsdeling og tolkingsfellesskapet.

Interessa for vidareutdanning i realkompetansevurdering ved OsloMet har vore rekordstor, med 155 søkarar til 44 studieplassar.

Med den nye opplæringslova blir realkompetansevurdering i førebuande opplæring for vaksne (FOV) enda viktigare. Vi vil derfor utvikle nye kurs og støtteressursar for dette nivået og samarbeide tett med Utdanningsdirektoratet om å oppdatere nasjonale retningslinjer for både FOV og VOV. Dette vil sikre betre tilgjengelegheit, meir presise vurderingar og kortare ventetid for dei som treng det mest.

Saman med Arbeids- og velferdsdirektoratet og IMDi har vi starta arbeidet med å utvikle ei juridisk rettleiing innan realkompetansevurdering retta mot ledige, permitterte og utsette grupper på arbeidsmarknaden. Vi har også starta eit innsiktsarbeid for å utvikle eit kompetanseverktøy som viser kva fylkeskommunane meiner er viktig for Nav å vite om deira arbeid med realkompetansevurdering.

3.4 Mål 4: Kompetansepolitikken er godt samordna og stimulerer til kompetanseutvikling og samarbeid mellom arbeidsliv og utdanning

Det er vår vurdering at samordninga i kompetansepolitikken har blitt styrkt dei siste åra gjennom betre koordinering mellom aktørar på tvers av sektorar og eit tettare samarbeid mellom arbeidsliv, utdanning og myndigheiter.

Bransjeprogramma har vore viktige arenaer, kor staten og partane i arbeidslivet saman har utvikla målretta kompetansetilbod. Også samarbeidet med Arbeids- og velferdsdirektoratet og IMDi om kvalifisering av utsette grupper har bidratt til betre samordning mellom arbeidsmarknadstiltak og utdanning.

Kompetansepolitisk råd har potensial til å spele ei viktig rolle i kompetansepolitikken, men utfordringar knytt til systematikk og forankring kan ha ført til at rådet i praksis har hatt avgrensa påverknad.

Det kan være behov for å sikre betre samanheng mellom overordna prioriteringar og konkret gjennomføring av kompetansepolitiske tiltak. Det kan til dømes vere uklart korleis ulike kompetansepolitiske initiativ skal følgast opp i praksis, og kva rolle dei ulike aktørane bør ha i gjennomføringa. Kompetansepolitikken involverer mange aktørar med ulike ansvarsområde. Dette kan føre til overlappande initiativ, varierende grad av koordinering mellom stat, fylkeskommunar og partane i arbeidslivet, og utfordringar med å sikre at kompetansetilboda treffer arbeidslivets behov på tvers av sektorar. Det er også behov for å styrke samordninga mellom formell utdanning og arbeidslivsrelevante opplæringstiltak, særleg i lys av aukande krav til fleksibilitet og livslang læring.

Vi kan bidra gjennom kunnskapsutvikling, koordinering og tilrettelegging for samarbeid, men en meir heilskapleg og langsiktig tilnærming vil krevje tett samspel med departementa, fylkeskommunane og arbeidslivet. Vidareutvikling av samarbeidsmodellar og finansieringsstrukturar er avgjerande for å møte framtidens kompetansebehov.

Arbeidslivet er den viktigaste arenaen for livslang læring og det er på arbeidsplassen størsteparten av kompetanseutviklinga finn stad. I tillegg til Bransjeprogram, er industrifagskulen, Kompetansepluss og modulopplæring tilbod vi har ansvar for der arbeidsgivarar, arbeidstakarar og staten samarbeider godt om kompetanseutvikling.

I 2024 har vi leidd sekretariatet for arbeidet i Kompetansereformutvalet. Som sekretariat for det partssamansette utvalet er vi ein viktig bidragsytar i kompetansepolitikken. Å følge opp anbefalingar og tiltak frå utvalet blir viktig for oss framover. Det same blir tverrsektorielt samarbeid for betre balanse mellom tilbod og etterspørsel etter kompetent arbeidskraft.

3.4.1 Kompetanseprogrammet

Kompetanseprogrammet består av Treparts bransjeprogram, Kompetansepluss og utprøving av insentivordning for livslang læring.

Treparts bransjeprogram

Gjennom bransjeprogramma har partane i arbeidslivet samarbeidd om å kartlegge kompetansebehova i utvalde bransjar. Bransjane er ulike, og har hatt ulike mål for kva dei ønsker å oppnå gjennom bransjeprogrammet. Derfor er det stor variasjon i tilboda og kva opplæringsinstitusjonar som deltar. Tilboda er skreddarsydde til behova i dei ulike bransjane.

Frå dei første samarbeidsavtalane om bransjeprogram blei signert i desember 2018 og fram til 2024, har det vore 14 bransjeprogram og to eittårige kompetanseløft. Ei evaluering av bransjeprogrammet gjennomført av Fafo viser at ordninga har gode resultat, og at samarbeidet mellom partane har fungert etter intensjonen. Bransjeprogramma har nådd dei med låg formell kompetanse med kompetansehevande tilbod.

I 2024 starta vi opp to nye bransjeprogram: Bransjeprogram for solkraftbransjen og Bransjeprogram for helse- og omsorg. Vi lyste ut midlar i totalt fem program og tildelte over 82 millionar kroner til 53 kompetansetilbod, som samla utgjorde 5 024 deltakar plassar. Per februar 2025 er følgande bransjeprogram operative:

- Finansnæringa (varer ut 2026)
- Helse- og omsorgstenestene (varer ut 2027)
- Industri- og byggenæringa (varer ut 2027)
- Informasjonssikkerheits- og IKT-bransjen (varer ut 2026)
- Solkraftbransjen (varer ut 2027)

Det er politisk bestemt både kva program som skal opprettast og varigheita på dei. Vi gir råd om dette.

Dei aller fleste tilboda i bransjeprogrammet er enten heilt digitale eller ein kombinasjon av fysisk og digitalt. Opplæringstilbydarane er spreidde over heile landet. Dette har medverka til at ledige, permitterte og tilsette over heile landet har kunna delta.

Ordninga har utvikla seg mykje sidan den blei evaluert av Fafo i 2020–2021. Det er behov for ei ny evaluering. Det er allereie sett i gang evalueringar av Kompetansepluss og studieforbundsordninga, og det kan vere hensiktsmessig å sjå desse i samanheng.

Kompetansepluss

Eit sentralt mål med Kompetansepluss er å auke deltakinga i samfunns- og arbeidslivet ved å heve kompetansenivået for vaksne. For å handtere raske omstillingar i arbeidslivet må folk få utvikle kompetansen sin samstundes som dei er i jobb. Dei som står utanfor arbeidslivet må også få høve til å få styrkt kompetansen sin, for å betre moglegheitene for å delta i arbeids- og samfunnslivet. Målet med Kompetansepluss er å styrke dei grunnleggande ferdigheitene til vaksne i lesing/skriving, munnleg, rekning, samisk, norsk og digitale ferdigheiter. Ordninga skal gi deltakarane relevant og praksisnær opplæring knytt til arbeids- eller kvardagslivet .

Tidlegare evalueringar av Kompetansepluss har vist at verksemder som har hatt tilsette på opplæring i grunnleggande ferdigheiter, har fått auka kompetanse og positive effektar. Medarbeidarar som har deltatt har mellom anna blitt betre på å utføre oppgåvene sine, dei gjer mindre feil og får auka motivasjon.

I 2024 fekk vi 600 søknader og det blei søkt om i underkant av 272 millionar kroner. Vi tildelte i underkant av 98 millionar kroner, til 78 290 timer med opplæring for 6 792 deltakarar gjennom Kompetansepluss arbeid og Kompetansepluss frivilligheit.

Vi prioriterte mellom anna prosjekt der rekning inngår i kombinasjon med andre ferdigheiter. Vi prioriterte også prosjekt som blir gjennomførte i tiltakssona i Finnmark og Nord-Troms.

I tillegg fekk vi 72 søknader på til saman 29 millionar kroner til prøveordninga med fagopplæring i Kompetansepluss. Her tildelte vi 17,5 millionar kroner til 72 prosjekt. Til forskjell frå ordinært Kompetansepluss arbeid eller vanleg teoriopplæring for praksiskandidatar, skal Kompetansepluss fagopplæring kombinere fagopplæring med opplæring i grunnleggande ferdigheiter eller norsk/samisk.

Tabell 3.11 – Kompetansepluss arbeid, 2013–2024 (beløp i millionar kroner)

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Omsøkt beløp	182,7	186,2	200,7	293,8	311,2	304,1	324,8	265,5	274,2	248,5	210	226,5
Tildelt beløp	104,3	141,8	162	220,2	197	184	154,1	162,4	156,3	139	87,6	24
Talet på søknader	461	600	651	947	1 135	1 050	1 220	945	787	647	535	491
Talet på innvilga søknader	348	503	561	734	715	620	541	580	413	532	177	186
Talet på deltakarar	7 781	10 853	11 291	14 793	13 761	10 833	7 249	1 008	4 050	3 554	2 285	199

For 2022 til 2024 er ikkje deltakarregistreringa fullført.

Insentivordninga - forsøk med stipend til fagarbeidarar

Forsøket med stipend til fagarbeidarar blei initiert i 2020. Poenget har vore å få auka kunnskap om korleis økonomiske insentiv påverkar deltaking i livslang læring, og stimulere til auka deltaking blant ei gruppe som deltar lite. Vi gjorde eit randomisert kontrollert forsøk. Resultata viste at tilbod om stipend og informasjon auka opptak til vidareutdanning noko. Vi følger no opp med ytterlegare forskning på data for gjennomføring av utdanning, og her ventar vi resultat hausten 2025.

Tilskot til studieforbund

Vi forvaltar tilskot til studieforbunda på vegner av KD og Kultur- og likestillingsdepartementet (KUD). Ordninga blei i 2021 delt mellom dei to departementa. Etter at studieforbundet AOF sommaren 2024 gjekk konkurs, er det no tre studieforbund under KD og ti under KUD. Tilskotet skal medverke til at studieforbunda og medlemsorganisasjonane deira kan tilby organisert opplæring for vaksne, og bidra til å redusere opplæringskostnadene for deltakarane.

I 2024 fordelte vi om lag 72,5 millionar kroner til studieforbunda under KD, og 180,6 millionar kroner til studieforbunda under KUD. Fordelinga til dei ulike studieforbunda blir berekna med utgangspunkt i tidlegare års gjennomførte aktivitetar. Det vil seia at for 2024 legg vi aktivitetar i 2022 og 2021 til grunn. Det er departementa som fastset kor stor del av tilskotet som skal gå til dei tre ulike tilskotskomponentane (grunntilskot, opplæringstilskot, og tilretteleggingstilskot).

Rapporterte tal frå studieforbunda i 2024, viser at det i 2023 er ein auke i talet på kurs, deltakarar og timar med opplæring samanlikna med 2022.

I 2024 har vi sett i gang ei evaluering av tilskotsordninga. Evalueringa skal vurdere effektar av delinga av studieforbundsordninga mellom KD og KUD.

Datagrunnlaget som ligg til grunn for evalueringa er perioden 2017–2024, altså fire «tilskotsår» før og etter delinga.

Tabell 3.12 – Kurs og deltakarar i studieforbunda under KD og KUD, 2017–2023

År	KD			KUD		
	Kurs	Kurstimar	Deltakarar	Kurs	Kurstimar	Deltakarar
2017	13 084	434 697	203 648	28 808	854 396	270 841
2018	12 301	403 865	194 280	31 037	985 977	284 268
2019	11 579	386 296	185 147	32 819	1 014 949	300 026
2020	9 181	268 759	149 596	25 657	691 464	224 097
2021	8 687	231 516	167 265	25 653	676 103	241 125
2022	9 879	263 715	179 926	33 433	923 542	321 670
2023	10 455	282 447	199 725	36 483	998 228	365 199

Samarbeid med partane om strategiar og verkemiddel

Vi samarbeider godt med partane på fleire måtar. Samarbeidet gjennom bransjeprogrammet gir meir målretta kompetansehevande tilbod for arbeidsstyrken, samstundes som det legg til rette for samarbeid med partane på andre område. Vi har også ei viktig rolle som sekretariat for kompetansepolitisk råd og bidrar til å koordinere arbeidet i tett samarbeid med KD.

Som sekretariat for Kompetansereformutvalet har vi lagt til rette for eit breitt samarbeid mellom partane i arbeidslivet om kompetansepolitiske utfordringar. Utvalet har levert konkrete anbefalingar for å styrke kompetanseutvikling i arbeidslivet, som no ligg til vurdering for vidare oppfølging.

Intensjonsavtalen for arbeidslivsrelevans blei inngått i 2023, med mål om å mobilisere til eit enda breiare og meir systematisk samarbeid for å styrke arbeidslivsrelevansen i høgare utdanning. Etter dialog med avtalepartane og KD blei det i 2024 vedtatt å utarbeide eit kunnskapsgrunnlag for å få ei meir felles forståing av arbeidslivsrelevans. Dette arbeidet vil danne grunnlaget for vidare prosessar med partane i arbeidslivet våren 2025.

Tverrsektorielt samarbeid om kvalifisering og verkemiddel for livsopphald

Vi har sidan 2021 jobba saman med Arbeids- og velferdsdirektoratet og IMDi for å utvikle utdannings- og opplæringstenester for ledige og utsette grupper på arbeidsmarknaden. Samarbeidet inkluderer ei rekke tiltak som er valt ut på bakgrunn av innsikt om barrierar for slikt samarbeid.

I 2024 leverte vi ei utgreiing om det juridiske handlingsrommet for deling av personopplysningar mellom Nav og fylkeskommunar, og vi er i gang med å lage ei juridisk rettleiing på basis av utgreiinga. Eit nasjonalt nettverk som møtast to gongar årleg, har over tid ført til meir kunnskap hos Nav og fylkeskommunane om kvarandres tenester og verkemiddel, noko som lettar samarbeid og stimulerer til at dei finner lokale løysingar for betre brukarforløp. Utprøving av samarbeidsmodellar om karriererettleiing, realkompetansevurdering og opplæringsløp gir innsikt i moglegheiter og utfordringar, og på sikt forventar direktorata å kunne identifisere gode samarbeidsmodellar som kan bli spreidde til heile landet.

Som ein del av fellesoppdraget utviklar vi nye nettressursar på utdanning.no om fagopplæring og tilbod for vaksne i vidaregåande opplæring, i samarbeid med fylkeskommunane. Målet er at særleg utsette grupper enkelt skal få oversikt over tilbodet der dei bur. Ei viktig sekundærmålgruppe er rettleiarar i ulike sektorar. Vi skal lansere denne ressursen i 2025.

Saman med Lånekassen skal vi utvikle verkemiddel for livsopphald. Kompetanselånet blir etter planen lansert av Lånekassen i 2025, og vi vil legge grunnlaget for at ordninga blir evaluert.

3.5 Mål 5: Myndigheiter, institusjonar og aktørane i arbeidslivet har eit godt kunnskapsgrunnlag for sine avgjerder om utdanning, forskning og kompetanseutvikling

I 2024 har vi heva kvaliteten i kunnskapsgrunnlaget gjennom breiare kjeldegrunnlag, meir analyse og tematikkar av politisk og samfunnsmessig relevans. Geopolitikk og internasjonalt kunnskapssamarbeid, studentsaker, kvalitet i utdanninga og kompetansebehov i arbeidslivet er område vi har belyst gjennom våre rapportar og notat. Vi når ut med kunnskapsgrunnlaget vårt. «Kunnskapsprat» har blitt etablert som ein velkjend arena for kunnskapsutveksling i sektoren.

Data om høgare utdanning (DBH) har blitt meir tilgjengeleg for forvaltinga, forskingsmiljø og våre eigne tilsette. Over 100 000 brukarar besøker nettsidene til DBH årleg. Henting av kanalregister- og DBH-data gjennom API-løysinga vår auka med 15 000 frå 2023 til 2024, til 192 000 totalt. Dataleveransar i 2024 ligg på om lag 180 tilrettelagte datauttrekk frå DBH høgare utdanning og DBH fagskule.

Det er framleis eit sprik mellom våre ambisjonar og der kor vi faktisk er med vårt arbeid med kunnskapsgrunnlaget. Vi treng å sette av meir tid til aktivitetar som ikkje hastar, men som gir resultat over tid. Arbeid med å dokumentere, kvalitetssikre og formidle data er omfattande og juridiske utfordrande. Vi har framleis eit stort potensial til å gjere meir bruk av eigne og andre sine data. Vi arbeider også med å utvikle rolleforståinga som direktoratsbyråkratar. Det gir betre føresetnader for å ta kunnskapen i bruk og gi kunnskapsbaserte policyråd som treff. Vi har også mål om å bli betre på den raske formidlinga og slik bidra med meir av kunnskapen til eit breiare publikum.

Internt har vi vridt meir av ressursbruken vår over til analysedivisjonen. Dette kjem særleg arbeidet med evalueringar og dei nye oppgåvene knytt til Studiebarometera som vi har overtatt frå NOKUT til gode. Vi har også oppretta ein FoU-rammeavtale som inkluderer 15 kunnskapstilbydarar under tre ulike delavtalar. Vi har satt av ein pott til bruk på avtalen. FoU-prosjekta supplerer forskning og eigne og andre sine data og undersøkingar. Det gir oss ekstra kapasitet.

I 2025 vil vi vie særskild merksemd til kunnskapsgrunnlag innanfor følgande tematikkar:

- Kvalitet i utdanninga, inkludert gjennomføring og vidareutvikling av Studiebarometera og andre undersøkingar, og oppfølging av fagskulemeldinga
- Framtidas kompetansebehov og dimensjonering av utdanninga, inkludert tverrsektorielt samarbeid om å analysere kompetansebehova
- Integrering og inkludering
- Internasjonalisering
- Meir systematikk og betre kvalitet i evalueringar

3.5.1 Auka relevans, tilgang til og bruk av kunnskapsgrunnlaget vårt

Kunnskapsgrunnlaget vårt bidrar til styring og utvikling

Vårt arbeid med å auke kvaliteten på kunnskapsgrunnlaget handlar i stor grad om å auke relevansen og nytten av våre publikasjonar, data og statistikk. Vi baserer informasjon om nytte på i kor stor grad aktørar i sektoren refererer til kunnskapsgrunnlaget vårt, så vel som direkte tilbakemeldingar frå målgruppene våre.

Kompetansebehovsutvalet sin seinaste rapport, [Utfordringer for grønn omstilling i arbeidslivet](#) (2023), har blitt brukt blant anna som kunnskapsgrunnlag i Meld. St. 19 (2023–2024) Profesjonsnære utdanningar over heile landet. Rapporten blir ofte referert til i andre rapportar og dokument som omhandlar framtidige kompetansebehov og/eller grønn omstilling.

Tilstandsrapportane for høgare utdanning og for høgare yrkesfagleg utdanning er viktige for styring og utvikling av utdanningssystema. Rapporten om høgare yrkesfagleg utdanning er eit viktig bidrag i arbeidet med meldinga til Stortinget om høgare yrkesfagleg utdanning. Vi har høg kompetanse på feltet og er ein rådgivar som KD nyttar seg mykje av. Rapporten har potensial til også å bli eit viktig analysegrunnlag for fylkeskommunane som har ansvaret for å forvalte og dimensjonere den offentleg finansierte delen av høgare yrkesfagleg utdanning. Fordi fagskulesektoren har utvikla seg mykje og fort, arbeider vi kontinuerleg med å utvikle rapporten, slik at den er tilpassa ein sektor i vekst og endring.

Ut frå både KDs ønske om meir analyse, og våre egne ambisjonar, nytta vi eit breiare datagrunnlag og utvida analysane i tilstandsrapporten om høgare utdanning i 2024. Etter ei vurdering, ser vi at det framover er betre å konsentrere tyngda av analysearbeidet utanfor sjølvaste tilstandsrapporten. Vi har vidareutvikla rapporten som ei digital publisering, for å auke tilgjengelegheita og bruken. Rapporten har lang levetid på nettsida vår, blir mykje lest og får omtale i media. Dette tyder på at rapporten er viktig for sektoren.

I 2022 overtok vi som oppdragsgivar for Kandidatundersøkinga – og i 2024 kom første utgåve, gjennomført av NIFU. Kandidatundersøkinga viser korleis kandidatar opplever overgangen frå høgare utdanning til arbeidsliv og korleis tilpassinga til arbeidslivet har vore. Kandidatundersøkinga blir brukt av utdanningsinstitusjonane som ein indikator på studiekvalitet og relevans i studia. For å få rask publisering og auka merksemd om resultata, har vi bedt NIFU dele resultata frå undersøkinga opp i tre arbeidsnotat og ein hovudrapport.

I desember publiserte vi rapporten [Får skolene den fagkompetansen de trenger? En kartlegging av de skolerettede lærerutdanningene](#). Rapporten har nådd breitt ut og blitt omtalt i ei rekke medium. Ein positiv effekt av dette er at kunnskapsgrunnlaget er godt kjent blant skuleeigarar og -leiarar. KD har gitt tilbakemelding om at rapporten er særleg nyttig for politikkutviklinga knytt til lærarutdanningane og for oppfølginga av strategien for lærarrekuttering.

I 2024 spelte vi inn kunnskapsgrunnlag til fagskulemeldinga og stortingsmeldinga om sosial mobilitet. Kunnskapsgrunnlag frå oss er referert til i følgjande stortingsmeldingar og NOU-ar frå 2024:

Tabell 3.13 – Kunnskapsgrunnlag frå HK-dir referert til i stortingsmeldingar og NOU-ar, 2024

Melding/NOU	Kunnskapsgrunnlag
Meld. St. 19 (2023–2024) Profesjonsnære utdanningar over heile landet	- Tal frå DBH Rapport 15/2022 (Kompetansebehov framover) - Rapport 2/2023 (Tilstandsrapport for høgare utdanning) Rapport 7/2023 (Dimensjonering) Rapport 8/2023 (Fleksible profesjonsutdanningar) - Upublisert arbeidsnotat, juni 2023 (Godkjenning av emne frå utlandet)
Meld. St. 20 (2023–2024) Opptak til høgare utdanning	Faktanotat Samordna opptak Pressemelding (Helseutdanningane) - Upublisert intern rapport - Rapport 2/2023 (Tilstandsrapport for høgare utdanning) - Upubliserte tal frå HK-dir
NOU 2024: 8 Likestillingens neste steg. Mannsutvalgets rapport	Rapport 15/2022 (Kompetansebehov framover) Rapport 8/2022 (Livslang læring)

Formidling av kunnskapsgrunnlaget

Våre egne nettsider, møteserien Kunnskapsprat og sosiale medium er våre viktigste formidlingskanalar. Vi jobbar målretta for at kunnskapsgrunnlaget skal bli synleg for breiare målgrupper og bruker også forskning.no og media aktivt. Totalt blei vi omtalt om lag 3 000 gonger i media i 2024. Tal knytt til opptak til utdanning er i ei særstilling. Vi publiserte seks saker på forskning.no i fjor som fekk om lag 6 000 lesarar. Vi opplever også at media plukkar opp sakane våre frå forskning.no.

I 2024 arrangerte vi sju utgåver av Kunnskapsprat med totalt 1600 deltakarar. Evalueringar av arrangementa viser at dei som deltar er svært nøgde med innhaldet: 80 prosent seier at arrangementet ga dei ny kunnskap, 78 prosent vil ta i bruk kunnskapen som dei har fått. Det mest besøkte arrangementet var «Kva skal til for at fleire vaksne tar utdanning?», der målgruppa var utdanningssektoren og arbeidslivet. Talet på deltakarar er noko lågare enn i 2023. Dette kan være tilfeldig, men det kan også handle om tematikk eller tilgjengelegheit. I 2025 vil vi jobbe målretta for å få enda fleire deltakarar på Kunnskapsprat.

Nettsida for rapportar, undersøkingar og statistikk på hkdir.no hadde 10 512 sidevisningar i 2024. Ettersom den nye nettsida blei lansert 20. juni 2023, har vi berre tal frå andre halvdel av 2023, då vi hadde 7 855 sidevisningar. Dette gjer det vanskeleg å samanlikne åra direkte, men tala kan tyde på ein nedgang i 2024. Tilstandsrapporten for høgare yrkesfagleg utdanning har hatt ein liten auke, frå 988 sidevisningar i 2023 til 1 088 i 2024. Tilstandsrapporten for høgare utdanning har hatt ein betydeleg auke, frå 1 922 sidevisningar i 2023 til 4 510 i 2024. Auken i talet på sidevisningar for tilstandsrapportane kan delvis komme av at dei no er heildigitale og tilgjengelege i HTML-format, slik at ein slepp å laste dei ned.

Blant dei mest besøkte rapportane på nettsida vår er:

- Tilstandsrapporten for høgare utdanning (4 510 sidevisningar)
- Nasjonalt kvalitetsrammeverk for karriereveiledning (4 181 sidevisningar)
- Mangfold og ulikhet i høgere utdanning (1 807 sidevisningar)
- Kandidatundersøkelsen 2023 (1 444 sidevisningar)
- Geopolitisk spenning og kunnskapssamarbeid (1 179 sidevisningar)

Statistikk om høgare utdanning, høgare yrkesfagleg utdanning og publiseringsdata

Som omtalt i innleiinga blir dataa våre om høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning stadig meir brukt. Vi har gjennomført og er i gang med fleire utviklingsprosjekt som vi håper skal auke verdien og bruken av dataa ytterlegare.

Vi har arbeidd systematisk med kvalitet i fagskuledata dei siste åra. Dette har omfatta arbeid med ulike type data i innrapporteringsløpet og innføring av karantenetid hausten 2024. Karantenetida gav oss mellom anna moglegheit til å kvalitetssikre data før publisering. Det er også oppretta rapportering av nye data som gir fleire moglege analysar. Arbeidet har auka merksemda om datakvalitet hos oss og i sektoren, og har danna eit godt grunnlag for vidare dialog med fagskulane.

For data om universitet og høgskular har vi i 2024 tilrettelagt metadata for bruk i Microdata, Kunnskapssektorens datafelleskap (KUDAF) og Felles datakatalog. Dette fremmer datadeling. I vårt arbeid med «Orden i eige hus» har DBH-data prioritet. Målet på sikt er å dokumentere alle dataa som kan skape verdi for oss og andre og som vi har ansvar for.

I 2024 har vi fortsett arbeidet med å modernisere DBH sine nettsider, med mål om å gjere det lettare for brukarane å finne fram.

I 2024 har vi også utvikla nye og meir brukartilpassa nettsider for Kanalregisteret. Besøkstala på desse sidene har auka betrakteleg: frå 77 000 i 2023 til heile 130 000 i 2024. Særleg mykje besøk opplevde vi i månadene etter lanseringa i november 2024. Den jamne auken og stigande interessa for Kanalregisteret gjennom året kan i tillegg skyldast at vi har arbeidd aktivt med å knyte Erih+-registeret sterkare til blant anna OPERAS-nettverket og på denne måten fått auka synleggjering i Europa.

Tilgjengelegheit og gjenbruk av data i kunnskapssektoren

Gjennom Kunnskapssektorens datafelleskap (KUDAF) arbeider vi for betre datadeling i sektoren. Arbeidet er krevjande. Det er krav frå myndigheitene om at alle verksemdene skal ha Orden i eige hus, men arbeid med dette har ikkje blitt tilstrekkeleg prioritert av institusjonane. På oppfordring frå oss har alle verksemdene under KD fått ei føring i tildelingsbrev for 2025 om å auke innsatsen med datadeling og Orden i eige hus, og å gjere det i tråd med spelereglar frå KUDAF. Vi har tru på at dette kan auke farten i arbeidet, og også bidra til at institusjonane tar i bruk verktøy som har blitt utvikla i KUDAF-programmet.

Kunnskap om informasjonstryggleik og personvern i sektoren

Vår årlege kartlegging av informasjonstryggleik og personvern hos verksemdar i høgare utdanning og forskning gav også i 2024 kunnskap om tryggleikstilstand og etterleving av lovpålagte krav og risikoar. Kunnskapen har styrkt departementets oversikt og styringsgrunnlag for sektoren.

Gjennom å kartlegge og følge opp verksemdene har vi bidratt til at sårbarheiter og svakheiter i sektoren er avdekt og utbetra. Ein effekt av arbeidet er at sektoren stadig blir betre til å forebygge, oppdage og handtere informasjonstryggleikshendingar. Det var færre slike hendingar i 2024 enn tidlegare, noko som kan vere eit resultat av blant anna dette arbeidet. I dialogmøte med institusjonar, og i møte med sektoren på ulike tryggleiksarrangement, får vi stadfesta at vi har lykkast med å bygge eit fagmiljø på tryggleiksområdet som sektoren har nytte av.

Personvernet til den enkelte er også betre ivaretatt enn tidlegare, som følge av styrkt informasjonstryggleik og dessutan auka ressursinnsats og kompetanse i sektoren. Dette viser seg gjennom auka mognad hos verksemdene og nedgang i alvorlege konsekvensar av informasjonstryggleikshendingar.

I 2024 kartla vi også utfordringar, sårbarheiter og behov for sektortiltak innan samfunnstryggleik og beredskap, og nasjonal sikkerheit. Kartlegginga bidrog mellom anna til å tydeleggjere departementets krav om heilskapleg tryggleiksstyring overfor verksemdene. Arbeidet har også ført til tiltak retta mot verdivurdering, og tettare kontakt og erfaringsdeling med oss og tryggleiksmiljøa i høgare utdanning og forskingssektoren.



4 Styring og kontroll i verksemda

4.1 Del 1: Rapportering om styring og kontroll i verksemda

Vi meiner at vi har styrt verksemda på ein måte som har gitt grunnlag for måloppnåinga slik ho kjem fram i Del 3, og at vi har lykkast med å følge opp forventingane og prioriteringane frå oppdragsgivarane våre. Fleire utviklingsprosjekt for styring og kontroll er framleis under arbeid, knytt til at HK-dir blei etablert for få år sidan.

Rapporteringa om styring og kontroll har vi utarbeidd med grunnlag i risikovurderingar, rapportar frå internrevisoren vår og kvalitative vurderingar frå relevante leiarar og medarbeidarar i HK-dir.

4.1.1 Systemet for risikovurderingar i HK-dir

Arbeidet vårt med risikostyring blir regulert av ein eigen intern policy for risikostyring. Risikostyring er ein integrert del av styring, planlegging og leiing i HK-dir. Leiarar på alle nivå er ansvarlege for risikostyringa på ansvarsområda deira. Vi har ein standardisert risikostyringsprosess, fastsette kriterium for å vurdere risiko og egne verktøy for å dokumentere og følge opp risiko.

Som ein del av å fastsette prioriteringar gjer leiargruppa vurderingar av vår strategiske risiko for måloppnåing. Leiarar med budsjettdisponeringsmyndigheit og resultatansvar vurderer operativ risiko knytt til ivaretaking av faste oppgåver og gjennomføring av tiltak og prosjekt for måloppnåing. Vi utfører også risikovurderingar knytt til informasjonstryggleik, personvern, tryggleik og beredskap, jamfør KDs policy og styringsdokument på området. I 2024 starta vi dessutan på eit arbeid der vi heilskapleg og systematisk vurderer risiko ved dei viktigaste informasjonssystema våre.

4.1.2 Områda med størst risiko for manglande måloppnåing:

- Godkjenning av utanlandsk utdanning, der det er risiko knytt til å overhalde forsvarleg saksbehandlingstid
- Gjennomføring av det samordna opptaket, der det er risiko for teknisk svikt i systemet vi er avhengige av
- Vår kunnskapsbaserte rådgiving, der det er risiko for at kvaliteten ikkje står i stil med ambisjonar og forventningar
- Intern sikkerheit og beredskap, der det er risiko for at vi ikkje avverjar eller handterer hendingar godt nok
- Digitalisering og digital transformasjon, der det er risiko for at vi ikkje har kompetansen og kapasiteten til å utvikle eller forbetre oss godt nok
- Tilskotsforvaltning, der det er risiko for manglande kvalitet og effektivitet i forvaltinga

Godkjenning av utanlandsk utdanning har høg risiko, dei andre har middels risiko. Tiltak for å handtere risiko inngår i verksemdsplanen og i budsjettet vårt. Gjennom tiltak meiner vi at vi i hovudsak greier å redusere desse risikoane til eit akseptabelt nivå, sjølv om det vil ta litt tid på nokre av dei. Restrisikoen på godkjenningsområdet er samstundes framleis høg. Sikt er ansvarleg for dei tekniske systema for dei samordna opptaka.

4.1.3 Vurdering av opplegget vårt for styring og kontroll

Vi baserer vår styring og kontroll på anerkjente rammeverk for internkontroll (COSO, ISO). Opplegget vårt for styring og kontroll har vore eit prioritert område sidan HK-dir blei etablert. Den styrande delen av internkontrollen vår er i stor grad på plass og dokumentert, men det gjenstår framleis viktig arbeid med den gjennomførande og kontrollerande delen. Det vil ta eit par år å komme til «COSO - nivå» 3. Då er vi på eit standardisert nivå innan desse kategoriane:

- Styrings- og kontrollmiljø
- Risikovurdering
- Kontrollaktiviteter
- Informasjon og kommunikasjon
- Oppfølging

Den strategiske økonomistyringa fekk eit løft i 2024. Budsjett og planar for 2025 er meir strategiske fordi vi har innført betre prosessar for prioriteringar og jobbar meir målretta med å styre og utvikle bemanninga vår.

Sjå elles omtalen av sikkerheitsstyringa seinare i dette kapittelet.

Vi vurderer at resultat- og rekneskapsinformasjonen vår er påliteleg. Vi har ikkje merknader frå Riksrevisjonen, men vi tar atterhald om at revisjonsrapporten for 2024 ligg føre først etter at årsrapporten 2024 er levert, rundt 1. mai 2025. I fjorårets årsrapport omtala vi oppdateringa av økonomimodellen som eit viktig grep for betre og meir relevant rekneskapsinformasjon. Dette arbeidet tek tid, men vil bidra til betre styringsinformasjon, særleg om ressursbruk. Mindreforbruket vårt er framleis høgare enn ønskeleg, sjølv om det har vore ein liten nedgang i mindreforbruket på driftstildelinga for 2024 samanlikna med 2023.

4.1.4 Tilskotsforvalting

Med verknad frå 1. januar 2025 har vi omorganisert tilskotsforvaltinga vår.

Forventa effektar av omorganiseringa, på kort og lang sikt:

- Forvaltinga av tilskota bidrar til god måloppnåing
- Vi har ei strategisk og kunnskapsbasert tilskotsforvalting og ser tilskota i samanheng og i eit heilskapleg perspektiv
- Brukarane møter den same forvaltinga uansett kva ordning dei søker på
- Tilskotsforvaltinga legg til rette for lik praktisering, høg etterleving av regelverk og effektiv ressursbruk
- Vi kan raskt ta imot og utvikle nye ordningar frå ulike oppdragsgivarar

Vi er opptatt av å innrette tilskotsordningane våre slik at dei blir lyst ut med ei årleg ramme og med atterhald om Stortingets budsjettvedtak. For enkelte ordningar har vi hatt særskild dialog med departementet om innrettinga.

Vi omtalar kontroll med tilskotsforvaltinga i ei eiga rapportering, som ligg ved årsrapporten.

4.1.5 Juridisk kompetanse

Det har vore ei positiv utvikling i den juridiske kompetansen vår, men det gjenstår framleis å bygge juridisk kompetanse og kvalitetssikring på alle fagområda våre.

4.2 Del 2: Andre føresetnader og krav

4.2.1 Fellesføringar frå regjeringa

Systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk

På globale berekraftsindikatorar ligg Noreg dårlegast an på berekraftsmåla 12 og 13 om ansvarleg forbruk og produksjon og om å stoppe klimaendringane. Vi skal som statleg verksemd gjere vår del og vere leiande så langt det lar seg gjere i arbeidet med å kutte klimagassutslepp innan 2030.

Vi har hovudkontor i Bergen, og kontor i Oslo, Trondheim, Tromsø og Brussel. Fleire avdelingar har tilsette på fleire kontor. Vi nyttar fjernarbeid (heimekontor), men hovudarbeidsplassen for dei tilsette er kontoret dei tilhøyrrer. For å løyse samfunnsoppdraget vårt innanfor rammene av organiseringa vår, tildelingane våre med meir, treng vi å gjere anskaffingar innan lokalleige, konsulenttenester, IKT-programvare og datasystem. Vi har mellom anna oppgåver innan internasjonalisering som gjer det nødvendig å arrangere kurs og seminar og ikkje minst å reise. Alt dette bidrar til eit høgt karbonavtrykk.



Klimaendringane kan påverke verksemda vår på fleire måtar. Ein auke i klimaflyktningar kan gi auka press på våre tenester kring norskprøvar, karriererettleiing, godkjenning av utanlandsk utdanning og opptak til utdanning. Sterkare krav om å redusere avtrykk og kutte i utslepp kan føre til at vi må endre måten vi sjølv arbeider med, og også legg til rette for, internasjonal mobilitet og samarbeid. Kanskje vil det bli behov for å sjå på korleis vi har organisert oppgåveløysinga vår og korleis vi driv med organisasjonsutvikling og kulturbygging for å gjere oss enda mindre avhengig av reiser på tvers.

Vi gjer anskaffingar for om lag 254 millionar kroner. Dette gir eit estimert CO2-utslepp på 5 588 tonn, basert på tal frå DFØ sitt klimaspendverktøy. Dette er dei største postane når det gjeld CO2-utslepp:

Tabell 4.1 – Anskaffingar i millionar kroner og i estimert CO2-utslepp

Artskonto	Beløp i millionar kroner	CO2-utslepp
630 Leige av lokale og husleige med kontrakt for tilsette	40,15	1 322 tonn
673 Kjøp av tenester frå statlege verksemder og andre konsulenttenester	50,89	843 tonn
670 Konsulenttenester til utvikling av programvare, IKT-løysingar med meir, juridisk bistand, og økonomi og revisjon	32,19	541 tonn
642 Leige av datasystem (årlege lisensar m.m.)	23,31	505 tonn
713 Reisekostnader, ikkje oppgavepliktige	14,20	460 tonn
104 Programvare og nettsider, erverva	23,56	404 tonn
688 Kurs og seminar for eksterne deltakarar	16,10	368 tonn
128 Datamaskinar (pc-ar, skrivarar m.m.) og anna IKT-utstyr (serverar, nettverk, AV-utstyr)	5,43	185 tonn
675 Kjøp av tenester til løpande driftsoppgåver, IKT	7,78	129 tonn
672 Konsulenttenester til kommunikasjonsrådgiving, design med meir, leiings- og organisasjonsutvikling	5,68	95 tonn
715 Diettkostnader, oppgavepliktige	2,65	89 tonn

Det er på områda byggdrift, IKT-løysningar og reiser vi har størst avtrykk og samstundes moglegheiter til å påverke og systematisk kutte utslepp utan at det går ut over kostnadseffektivitet eller kjerneoppgåvene våre. Vi har etablert eit berekraftsutval som arbeider systematisk og heilskapleg med tiltak og merksemd rundt desse områda for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk.

Vår innkjøpsprosess og konkurransestrategi skal sikre at vi vurderer fleire sider ved berekraftsmåla, både sosiale, økonomiske og miljømessige omsyn, ved alle innkjøp over 100 000 kroner eks. mva.

Vi følger det overordna prinsippet om å gjennomføre reiser på den raskaste, rimelegaste og mest miljøvennlege måten. Vi har utdjupa kva dette betyr i personalhandboka med eit kapittel om klimaomsyn og andre viktige prinsipp. Der digital samhandling kan erstatte reiser, vel vi det. Mange avdelingar er delte mellom fleire kontorstader, og av arbeidsmiljø- og kompetanseomsyn vurderer vi det som viktig at leiarar og medarbeidarar har moglegheiter til å møtast også fysisk.

I 2023 hadde vi ein stor auke i reiseaktiviteten vår målt mot året før, både når det gjeld fly innanlands, fly utanlands og tog. For 2024 har reiseaktiviteten stabilisert seg. Mens talet på flyreiser har hatt ein svak vekst, har talet på togreiser hatt ein markant nedgang. Vi reiste med fly 2 980 gonger i fjor, ein auke på 6,3 prosent frå året før. Totalt flaug vi om lag 3,4 millionar kilometer, litt over halvparten av dette var innanlands. Med tog reiste vi 311 gonger, ein nedgang på 21 prosent frå året før.

I 2024 hadde vi 2 443 turar med fly innanlands, 1 016 av desse mellom Oslo og Bergen, 252 mellom Oslo og Trondheim. Vi hadde 495 flyreiser i Europa og 42 interkontinentale reiser.

Når vi skal gjennomgå reisepolicyen vår, vil vi legge vekt på å stabilisere reiseaktiviteten og stimulere til å velje tog framfor fly der det er mogleg.

Innan byggforvaltning gjer vi fleire grep for å kutte i klimaavtrykket vårt. I utlysingane etter nye avtalar om kontorlokale i Bergen og Oslo er klimaomsyn eit viktig krav, og vi ser mellom anna på ombruk, energieffektivitet og tilkomst med kollektive løysingar og med sykkel og til fots. Per 2024 er alle kontora våre sentralt plasserte med lett tilkomst for alle, også gjennom kollektivløysingar og med sykkel. Vi søker å legge til rette for sykkelbruk. I drifta av alle kontorlokala er vi merksame på energibruken. Vi vektlegg berekraftprinsipp ved innkjøp til drift av lokala, og har avtalar for gjenbruk av møblar og meir, og for resirkulering av avfall. Vi har også planar for å skifte ut energisløsarar som gamle lysarmaturar, temperaturreguleringar og ventilasjonsløysingar.

Gjennom ein statleg fellesavtale i regi av DFØ leverer vi brukt IKT-utstyr til firmaet Foxway, som vurderer om det skal til gjenbruk eller gjenvinning. Brukstida på det digitale utstyret vårt er sett til 30 månader for telefonar og 36 månader for pc-ar. Anna utstyr, som skjermar og tastatur, blir brukt til det er formålstenleg å byte det ut. Innkjøp av nytt utstyr følger fellesavtalen i staten gjennom Statens innkjøpssenter.

Vi fekk nye nettsider i 2023, og i innkjøpsprosessen til desse var berekraftomsyn eit av kriteria. I utforminga av dei nye nettsidene følgde vi prinsippa om færre bilde og videoar, sletting av innhald med meir, i tillegg til prinsippa om universell utforming. Samstundes driftar vi langt fleire nettsider og -tenester enn hkdir.no. Vi har til no ikkje prioritert å endre eller bygge om desse, då det vil krevje mykje tid og kapasitet. Av omsyn til brukarane er vi også nøyddde til å drifte tenestene som er i bruk, sjølv om dei inneheld mellom anna store lyd-, bilde- og videofiler som gjer at tenestene skårar dårlegare på ulike klimakalkulatorar for nettsider enn dei elles ville ha gjort.

Positiv utvikling i talet på tilsettingar av personar med funksjonsnedsetting og fråvær frå arbeid/utdanning eller opplæring

Av 64 tilsettingar i 2024 hadde tre personar funksjonsnedsetting og/eller fråvær frå arbeid/utdanning. Det utgjer 4,7 prosent. I tillegg hadde vi i 2024 to personar med fråvær frå arbeid/utdanning eller opplæring som var i arbeidspraksis gjennom avtalar med Nav.

Vi har ikkje relevant samanlikningsgrunnlag med 2021 og 2022. HK-dir blei etablert 1. juli 2021, og dei siste oppgåvene til HK-dir blei først overført 1. januar 2023.

Arbeidsgivar og tillitsvalde skal i 2025 samarbeide om ein mangfaldsstrategi og konkrete tiltak for å få ei positiv utvikling i tilsettingar av kandidatar i målgruppene for inkluderingsdugnaden.

Redusere konsulentbruken

HK-dir bruker konsulentar der det ikkje er formålstenleg eller kostnadseffektivt å bruke interne ressursar. Dette gjeld til dømes kortvarig utviklingsarbeid der vi treng ein spesifikk ekspertise. Vi har også ei rekke øyremerkta tildelingar til ulike prosjekt, der det kan være rasjonelt å bruke konsulenttenester. Å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag er ei viktig oppgåve for HK-dir, og eksterne bidrag er ofte formålstenleg.

Vi arbeider for å redusere konsulentbruken. I 2024 har vi for eksempel tilsett utviklarar som kan vedlikehalde og utvikle eSam, vår saksbehandlingsløysing for godkjenning av utanlandsk utdanning. Tidlegare har vi fått hjelp av eksterne konsulentar til dette.

Konsulentbruken finansiert av driftstildelinga vår var lågare i 2024 enn i 2023. I 2024 brukte vi 26,8 millionar kroner, i 2023 brukte vi 30 millionar. Det totale forbruket vårt på konsulenttenester var 109,8 millionar kroner i 2024. Det er ein auke frå 2023, då vi brukte 90 millionar kroner.

51,4 millionar kroner blei brukt på konto 671 – Konsulenttenester til utvikling av programvare, IKT-løysningar med meir. Godt over halvparten av dette gjekk til arbeidet med prøvar i norsk, samfunnskunnskap og statsborgarprøve for innvandrarar, i stor grad til det nye systemet for gjennomføring av prøvane som er under utvikling. Den totale auken i konsulentbruken frå 2023 til 2024 handlar i hovudsak om auken i bruken på prøveområdet. I underkant av ein femtedel gjekk til arbeid med digital karriererettleiing og utdannings- og arbeidsmarknadsinformasjon.

38,5 millionar kroner blei brukt på konto 673 – Andre konsulenttenester. Av desse blei 13 millionar kroner brukt på arbeid med undersøkingar, analysar, utgreiingar og evalueringar, og digitale løysingar som støttar opp under dette. Vidare bidrog konsulentar mellom anna i arbeidet med modulstrukturert vaksenopplæring og Kunnskapssektorens datafelleskap (KUDAF). Vi fekk dessutan noko ekstern hjelp i arbeidet vårt med intern tryggleik og beredskap, som er finansiert over denne kontogruppa.

Vi brukte 12,5 millionar kroner til kjøp av tenester frå andre statlege verksemdar. Av dette var 9,3 millionar kroner relatert til arbeidet med KUDAF. Vi fekk også litt hjelp frå Statsbygg i samband med arbeidet med nye avtalar om leige av kontorlokale i Bergen og Oslo.

4,4 millionar kroner blei brukt til kommunikasjonsrådgiving og design, konto 672. Av dette blei 2,8 millionar brukt til arbeidet med å skape betre samanheng i dei individretta tenestene våre. 1,2 millionar kroner blei brukt i samband med tenesta «Min karriereplan», og 0,4 millionar kroner til generell marknadsføring og formidling.

Vi brukte 3 millionar kroner på konsulenttenester innan økonomi og revisjon, juridisk bistand, organisasjons- og leiingsutvikling (konto 670 og 672). Midlane gjekk i hovudsak til internrevisjon som vi kjøper eksternt, juridisk bistand til anskaffingsprosessar og leiings- og organisasjonsutvikling.

4.2.2 Tryggleik og beredskap

[Styringsdokument for arbeid med sikkerhet og beredskap i](#)

[Kunnskapsdepartementets sektor](#) ligg til grunn for arbeidet med vår interne tryggleik og beredskap. HK-dir blei peikt ut til ein særskild kontroll av arbeidet med tryggleik og beredskap av NOKUT i 2023. Funn og manglar frå den gjennomgangen er inkluderte i utviklingsarbeidet vårt med tryggleik og beredskap. Arbeidet er organisert gjennom prosjektet vårt «Beredt», som fortset ut 2025.

Styringssystem for tryggleik

I 2024 blei vår policy for tryggleik godkjent av leiinga med tilhøyrande vedlegg: Organisering av tryggleiksarbeidet og Forvaltning av styringssystemet. Tilhøyrande instruksar set tydelege krav, og saman med prosessar, prosedyrar og tiltak utgjør dette eit heilskapleg dokumentert styringssystem.

I det heilskaplege styringssystemet har vi integrert fagområda beredskap, fysisk tryggleik, personelltryggleik, informasjonstryggleik og personvern. Styringssystemet er godt integrert med verksemdsstyringa og er ein integrert del av årshjulet vårt for styring. Risikostyring, internkontroll og avvik- og hendingshandtering er nokre av områda kor styringssystemet for tryggleik tydeleg er integrert med verksemdsstyringa elles. Styringssystemet har ei risikobasert tilnærming med tydelege roller og ansvar. Vi sikrar leiarskap og forplikting gjennom tydelege tryggleiksmål som støttar opp under HK-dir sine overordna mål.

Fleire av dei viktigaste instruksane er på plass, og arbeidet med å få på plass det som manglar held fram. Samstundes er vi i gang med eit viktig arbeid med implementering, kompetanseheving og kulturbygging. Hausten 2024 lanserte vi nye intranettsider for å gjere relevant tryggleiksinformasjon lettare tilgjengeleg for dei tilsette.

Verdivurdering

Vi har kartlagt våre eigne verdiar og avhengigheiter mellom desse til ei viss grad, men vi ser behov for ein revisjon, og dette arbeidet har starta. Vi har også starta arbeidet med å vurdere kritikaliteten til alle systema våre, noko som vil gi viktig grunnlagsinformasjon til ei revidert verdivurdering i 2025. Vi har også utarbeidd metodikk for overordna verdivurdering som er basert på eit betre kunnskapsgrunnlag.

ROS-analyse

Vi gjennomfører risikovurderingar for områda samfunnstryggleik og beredskap, nasjonal tryggleik og informasjonstryggleik og personvern. Risikovurderingane blei sist reviderte i januar 2025. Trusselbildet er i stadig utvikling, og behovet for å utvikle tryggleiskulturen vår og sikre forankring av dei etablerte tryggleikskrava blir stadig tydelegare.

Vi har identifisert sårbarheiter særleg knytt til organisatoriske og menneskelege faktorar. Risiko for innsiderverksemd er den høgaste og einaste raude risikoen. Sjølv om vi vurderer sannsynet som moderat, vil ein insider både kunne gjere stor skade og påføre andre store lidningar gjennom informasjonen som HK-dir forvaltar. Dei høgast prioriterte tiltaka er å sørge for at leiinga har god forståing for og er oppdatert på trusselbildet, og at vi sikrar etterleving av prosedyren for personelltryggleik. Vi må også sørge for å sette i system god oppfølging av våre leverandørar.

Elles er ROS-analysane eit grunnlag for arbeidet vårt med beredskap. Vi starta med å revidere beredskapsplanen vår hausten 2024. Vi har også utvikla ein instruks for beredskap og øving og ein for IKT-beredskap og kontinuitet.

Krise- og beredskapsøving

I 2024 har vi vore involvert i planlegginga av ei felles øving med KD og dei andre underliggende verksemdene til KD. Øvinga skal gjennomførast våren 2025.

4.2.3 Informasjonstryggleik og personvern

Det er viktig for oss at styringa vår av informasjonstryggleik og personvern er tett integrert både med verksemdsstyringa vår elles og med det overordna tryggleiksarbeidet i direktoratet. Den eksterne mognadsvurderinga av vår interne informasjonssikkerheit og personvern som blei utført i 2022 viste at vi hadde eit stort gap mellom ønska og faktisk nivå på informasjonstryggleiks- og personvernarbeidet vårt. Gjennom prosjektet Beredt har vi i 2024 gjort eit stort løft for desse områda. Det er framleis mykje som står att, men grunnlaget for å flytte styring og kontroll av informasjonstryggleik og personvern frå prosjektfasen og over i driftsfasen begynner å komme på plass.

Vår reviderte policy for informasjonstryggleik blei godkjend av leiinga i starten av 2024. Gjennom eit instruksdokument stillast det krav til avdelingane våre si oppfølging av tilgangsstyring og dessutan IKT-beredskap og kontinuitet. Våren 2024 lanserte vi også ei eiga rettleiing for tilsette for tryggleik på reiser.

Våren 2024 gjennomførte vi også eit omfattande prosjekt for å samordne og oppdatere oversikta over all behandling av personopplysningar i HK-dir. I tillegg oppdaterte vi personvernerklæringa vår, og laga ei eiga personvernerklæring for dei tilsette.

Opplæring

Alle leiarane våre deltok på eit tilrettelagt grunnkurs i sikker leining i oktober og november 2024. Kurset har tre modular: grunnleggande omgrep, informasjonstryggleik og personvern. Alle tilsette gjennomførte grunnleggande e-læring i informasjonstryggleik og personvern. Gjennom dette kurset aksepterte dei også brukarinstruksen (IKT-tryggleiksinstruks). I tillegg har vi gjennom heile året hatt stor merksemd på informasjonstryggleik i vårt faste faglege treffpunkt for alle tilsette, *fagfredag*. Der har vi tatt opp tema som grunnleggande informasjonstryggleik, risikovurderingar, tryggleik på reiser, trusselbildet og avviksbehandling.

Hausten 2024 etablerte vi eit eige informasjonstryggleiksforum. Dette skal vere eit viktig møtepunkt mellom dei som har ansvar for å styre informasjonstryggleiken og dei som utfører han, slik som systemeigarar for ulike informasjonssystem. I møta hausten 2024 blei det mellom anna delt informasjon om status for styringssystemet, erfaringar frå avvik som var behandla og korleis ei avdelingane gjennomfører kontroll med tilgangsstyring.

Avvik og hendingar, tilsyn og revisjon

Vi melde eit avvik til Datatilsynet i 2024. Vår internrevisor gjorde ein test av alle informasjonssystema våre. Testarane fann eit tryggleikshol i ei løysing, og uvedkomande kunne ha henta ut informasjon om inntil to millionar tidlegare og noverande studentar og tilsette ved universitet, høgskular og fagskular i Noreg. Vi behandla hendinga i tråd med avviksprosessen, og sendte meldinga til Datatilsynet etter gjeldande fristar. Vi varsla også KD om saken.

Riksrevisjonen publiserte i januar 2024 ein rapport om status for informasjonstryggleik innan forskning i kunnskapssektoren. Sjølv om vi i HK-dir ikkje forvaltar forskingsdata, er rapporten interessant for informasjonstryggleiksarbeidet i stort. Dei viktigaste områda som Riksrevisjonen peiker på, er område som HK-dir har jobba målretta med over fleire år, og som også inngår i arbeidet med NSM sine grunnprinsipp for IKT-tryggleik. Det er derfor ikkje identifisert behov for andre tiltak i lys av desse punkta. Samstundes peikar Riksrevisjonen på at det er lite systematisk opplæring og bevisstgjeringsarbeid om informasjonstryggleik, og at leiarar i sektoren ikkje har tilstrekkeleg innsikt i informasjonstryggleiksrisikoar. Dette er noko vi tidlegare har omtalt at gjeld for HK-dir også.

Hausten 2024 gjorde internrevisoren vår ein målretta tryggleikstest av IKT-systema våre. Avdelingane sitt arbeid med tilgangsstyring av systema som dei eig blei også kontrollert. Resultata er betre enn i 2023, men fleire systemeigarar er framleis i prosess med å etablere dokumenterte rutinar for tilgangsstyring. Kontrollen viste at 86 prosent av systemeigarane hadde gjennomført revisjon av tilgangsstyring det siste året. Etter instruks for tilgangsstyring skal tilgangar kontrollerast minimum årleg.



5 Vurdering av framtidsutsikter

5.1 Ei usikker verd

I starten av 2025 ser verda stadig meir usikker ut. Krigen i Ukraina har direkte konsekvensar for vårt arbeid med godkjenning av utanlandsk utdanning, karriererettleiing, norskopplæring og norskprøvar. Vi ventar at det vil være store behov på desse områda også i 2025.

Vi står overfor eit alvorleg trusselbilde, og nasjonale tryggleiksorgan peiker på at høgare utdannings- og forskingssektoren er sårbar for ulike former for angrep. Vårt arbeid med tryggleik og beredskap i denne sektoren vil halde fram. Frå 2025 har ansvarsområdet vårt blitt utvida. Vi skal no også kontrollere at verksemdene etterlever krava på dette området, ei oppgåve som fram til no har lege hos NOKUT. Internasjonalt kunnskapssamarbeid er blitt meir komplekst, men ikkje mindre viktig, og må bli gjennomført på ein ansvarleg måte.

5.2 Samanhengande digitale tenester og felles løysingar

Ei viktig strategisk satsing for oss er god samanheng mellom dei individretta tenestene våre. Samfunnet og brukarane våre har høge forventningar om at tenestene våre er brukarvennlege og heng godt saman. I 2025 og åra framover vil vi halde fram med å prioritere utvikling av meir saumlause brukarreiser for den enkelte, frå informasjon om utdanning og karrieremoglegheiter, til studieopptak og overgang til jobb. Satsinga «Ein god veg inn!» skal skape betre inkludering på arbeidsmarknaden for ukrainarar i Noreg og vil samstundes legge grunnlaget for ein struktur som kan brukast for andre målgrupper.

Det nye opptakssystemet for høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning blir utvikla av Sikt i samarbeid med oss. Systemet er avgjerande for at vi skal kunne ivareta ansvaret vårt knytt til opptak til utdanning. Fase to av prosjektet inkluderer også eit samordna masteropptak, igjen i regi av Sikt i samarbeid med oss. Her arbeider vi no med å forberede dei nødvendige forskriftsmessige og organisatoriske endringane som må på plass før ei slik samordning kan bli sett i verk.

I 2025 kjem eit nytt system for prøvar i norsk og samfunnskunnskap og dessutan for statsborgarprøven. Dette er ein stor milepæl i arbeidet med å sikre innvandrarar gode moglegheiter til å få dokumentert ferdigheitene sine. Vi står for den tekniske løysinga, mens det er kommunane som tilbyr gjennomføring av prøvane for prøve kandidatane. Informasjonssikkerheit, personvern og universell utforming skal bli betre ivaretatt, og arbeidsprosessar skal bli betre for brukarane av systemet. Prøvane skal ha minst like god kvalitet, og systemet skal kunne tilpassast for å oppfylle framtidige behov.

Vi skal bidra til å gjennomføre den nasjonale digitaliseringsstrategien 2024–2030 ved å fortsette arbeidet med «Orden i eige hus» og vere pådrivar for datadeling i kunnskapssektoren, også etter at KUDAF-programmet avsluttar i 2025. For å lykkast må alle verksemdene i kunnskapssektoren bidra.

Internt i HK-dir har vi gjort eit stort arbeid med å klargjere og sikre våre data slik at vi kan ta i bruk M365 Copilot på ein sikker og effektiv måte. Planen vår er at tilsette gradvis skal ta i bruk verktøyet utover i 2025. Vi har tru på at vi får både kvalitets- og effektivitetsgevinstar av dette. Arbeidet med datasikringa er knytt til vårt eige «Orden i eige hus»-arbeid og det å bli eit meir datadrive direktorat.

KI og robotteknologi er på veg inn i tenestene våre. Innan karriererettleiing er det rask utvikling i tenester som bidrar til å forenkle søk for både utdanningssøkarar og våre eigne karriererettleiarar. Vi har også auka merksemd på å få maskinlæringsmodellar innebygd i systema våre, både i eksisterande og nye løysingar. Desse skal gi betre brukaropplevingar og meir effektiv oppgåveløysing. Vi bruker automatisering til å utvikle tenestene våre også på godkjenningsområdet, for å hente ut effektiviseringsgevinstar. Vår kompetanse og kapasitet påverkar i kva grad vi lykkast med digitalisering og digital transformasjon, og vi har behov for å styrke begge deler. Det gjeld mange direktorat, og det er kamp om arbeidskrafta.

5.3 Fleire nye oppgåver frå 2025

Frå 2025 har vi ansvar for Studiebarometera for høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning, og dessutan Undervisarundersøkinga. Frå før har vi ansvaret for kandidatundersøkingane for høgare utdanning og for høgare yrkesfagleg utdanning. I 2025 og åra framover prioriterer vi arbeidet med å få undersøkingane til å gi enda betre kunnskapsgrunnlag om ulike sider ved kvalitet i utdanninga. Her er også Arbeidsgivarundersøkinga, som blir forvalta av KD, viktig.

Som eit ledd i oppfølginga av stortingsmeldinga om profesjonsutdanningane som kom våren 2024, overtok vi sekretariatsansvaret for dei nasjonale retningslinjene for helse- og sosialfagutdanningane (RETHOS) frå 1. juli. I 2025 skal vi revidere fleire av retningslinjene, i samarbeid med UH-institusjonane.

I løpet av 2025 overtar vi ansvaret for sekretariatet for Komité for kjønnsbalanse og mangfald i forsking (KiF-komiteen). I profesjonsmeldinga varsla regjeringa at komiteen frå 2026 skal få ansvar også for studentsaker.

Vi ser positivt på å overta nye oppgåver som styrker føresetnadene våre for måloppnåing på sentrale område. Samstundes merkar vi press på kapasiteten vår når det er fleire nye oppgåver å handtere samstundes som vi held på med internt omstillingsarbeid knytt til målet om å bli *eitt* direktorat og levere meir heilskaplege tenester på effektive måtar.

5.4 Nye prioriteringar i det europeiske utdanningssamarbeidet

I 2025 kjem Europakommisjonen med forslag til både nytt langtidsbudsjett for kommande kommisjonsperiode og nytt Erasmus+-program (2028–2034). Vi er tett på utviklinga, og kjem til å spele inn konkrete forslag i tråd med norske posisjonar når vi får moglegheit til det. Vi skal halde fram med å følge universitetsalliansane tett, for å lære meir om korleis dei fungerer og for å bidra til samordning og tilrettelegging for alliansane sitt arbeid. I tillegg er det viktig å følge med på kva som kan komme ut av denne typen djuptgripande samarbeid på institusjonsnivå, både for institusjonar, fagmiljø og norsk UH-sektor, og for utviklinga i det europeiske institusjonslandskapet. Vi vil bidra med kunnskapsgrunnlag til evalueringa og den samfunnsøkonomiske analysen av Erasmus+ som KD skal gjennomføre i 2025 og 2026.

5.5 Å redusere knappheit på kompetent arbeidskraft blir viktigare

Perspektivmeldinga (2024) viste tydeleg korleis den demografiske utviklinga gjer at knappheit på kompetent arbeidskraft blir ei av dei viktigaste utfordringane i åra framover. Kompetansereformutvalet leverte sin NOU i januar. Stortingsmeldinga om høgare yrkesfagleg utdanning kom i mars. Vi har ei viktig rolle i følge opp begge. Samstundes er det usikkerheit knytt til omfanget av oppgåver som vil komme som følge av både stortingsmeldinga og NOU-en. Omfanget kan påverke prioriteringane våre og føre til endringar i leveransar.

Oppfølging av fullføringsreforma er sentralt for å få og behalde fleire i arbeid. Det er risikoar knytt til implementering av reforma, og vi må tilpasse ressursbruken vår til desse og til oppfølgingsbehovet som fylkeskommunar og kommunar har.

Knappheit på kompetent arbeidskraft kan ikkje løysast av og i ein sektor aleine. Aktørar på tvers av sektorar må samarbeide om å få betre balanse mellom tilbod og etterspørsel, mobilisere arbeidskrafta som finst og stimulere til utvikling og deltaking på arbeidslivsrelevant kompetanseheving. Vi vil bidra aktivt til slikt samarbeid. Vi har god erfaring med samarbeid med andre om kompetansepolitiske problemstillingar. I samarbeidet med Arbeids- og velferdsdirektoratet og IMDi som vi har hatt sidan 2021, utviklar vi framtidens modellar for fag- og yrkesopplæringa tilpassa arbeidssøkarar og flyktningar.

Eit godt og oppdatert kunnskapsgrunnlag som gjer det mogleg for myndigheiter og utdanningsinstitusjonar å prioritere kva kompetansebehov som bør dekkast, er avgjerande. Å utvikle slikt kunnskapsgrunnlag er ei viktig prioritering både i vårt eige arbeid og i arbeid som vi vil gjere i samarbeid med andre. Det er mellom anna derfor vi jobbar målretta med å styrke kapasiteten og kompetansen vår innan analysar og kunnskapsgrunnlag.

5.6 Budsjettmessige prioriteringar

Vi prioriterer dei lovpålagte oppgåvene våre. Det får budsjettmessige konsekvensar. For 2025 har vi styrkt godkjenningssområdet for å få ned saksbehandlingstida i ein situasjon med aukande saksmengd. Vi held også fram med å prioritere arbeidet med å betre vår eigen tryggleik og beredskap. Vi har vridd meir av ressursane våre over til analysedivisjonen vår.

Mange av dei utviklingsprosjekta våre som har vesentlege budsjettmessige innverknader, er finansierte av øyremerkte tildelingar. Dei spring altså ikkje ut av våre eigne budsjettmessige prioriteringar. Dette gjeld til dømes arbeidet med nytt prøvesystem, og «Ein god veg inn!» Det avgrensa økonomiske handlingsrommet som vi har til eigeinitierte utviklingsinitiativ og -prosjekt, nyttar vi til utvikling som vil gi betre samanheng i dei individretta tenestene våre i tillegg til prosjekt som vil bidra til betre kvalitet, tilgang på og formidling av kunnskapsgrunnlaget vårt.



6 Årsrekneskap

6.1 Kommenterarar frå leiinga til rekneskapen for 2024

6.1.1 Stadfesting av at rekneskapen er lagt fram i samsvar med reglane

Det blir bekrefta at rekneskap for 2024 gir eit dekkande bilde av HK-dir si økonomiske stilling og er lagt fram i samsvar med føresegnene om økonomistyring i staten, rundskriv frå Finansdepartementet, krav frå Kunnskapsdepartementet og i samsvar med reglane i dei statlege rekneskapsstandardane (SRS). Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) er bruttobudsjettert.

Kommentarane frå leiinga er sett opp i samsvar med dei påkravde elementa som er gitt av Kunnskapsdepartementet i brev den 18.04.2024, 22.08.2024 og 20.12.2024.

6.1.2 HK-dirs revisor

HK-dir blir revidert av Riksrevisjonen.

6.1.3 Vesentlege avvik mellom periodisert resultatbudsjett og resultatrekneskap, inkludert omtale av den økonomiske drifta

Inntekter frå løyvingar er 102 millionar kroner mindre enn det budsjettet viser. Inntekter frå tilskot og overføringar er 6,6 millionar kroner lågare enn budsjettet. Dette skyldast hovudsakleg avvik på kostnader i forhold til budsjett, og tilsvarande endring av inntekter, jamfør motsett samanstilling av inntekter mot kostnader. Sals- og leigeinntekter er 2,7 millionar kroner høgare enn budsjettert.

Resultatet på lønn og sosiale kostnader er 2,1 millionar kroner høgare enn budsjettert.

Andre driftskostnader er 102 millionar kroner lågare enn det budsjettet viser. Forsinkingar i anskaffingar, aktivitetar som starta seint på året, og lågare kostnader enn budsjettert er nokre av hovudårsakene til avviket mellom rekneskap og budsjett. I tillegg skyldast avviket 21,5 millionar kroner som gjeld investeringar, men som ved ein inkurie blei budsjettert som kjøp av tenester.

Når det gjeld avskrivningar, er det brukt 6,8 millionar kroner mindre enn budsjettert, og dette gjeld avvikande periodisering.

Innkrevjingsverksemd til staten (tilbakebetaling av ubrukte tilskotsmidlar) utgjer 57,3 millionar kroner. HK-dir budsjetterer ikkje på denne posten.

Utbetalingar av tilskotsmidlar frå staten er 176,6 millionar kroner lågare enn budsjettert. Avviket utgjer 5,5 prosent av planlagde utbetalingar på 3,2 milliardar kroner i 2024, og gjeld i hovudsak forsinka prosjekt og mindreforbruk i prosjekt under Kompetansepluss-programmet.

Dei særskilde budsjettmessige prioriteringane for året starta i hovudsak etter planen i 1. tertial. Dette gjaldt styrkinga av arbeidet med godkjenning av utanlandsk utdanning, vår juridiske kapasitet og analyseområdet. Nokre av prioriteringane kunne ikkje settast i gang før i 2. tertial på grunn av anskaffingsprosessar, mens noko starta i 3. tertial. Hovuddelen av arbeidet med ein moglegheitsstudie knytt til betre samanheng i dei individretta tenestene våre gjekk føre seg i 2. og 3. tertial.

Sjølv om det har vore nokre avvik, vurderer HK-dir økonomien som i hovudsak tilfredsstillande for 2024. Vi ser at det er nødvendig å redusere faseforskyvingane ytterlegare. Rammeavtalen for IKT-tenester, som kom på plass i 2024 og gir full effekt i 2025, vil bidra til mellom anna dette.

Sjå elles omtalen av investeringar i perioden i neste kapittel.

6.1.4 Gjennomførte investeringar i perioden og planlagde investeringar i seinare periodar

Investeringar for 2024 er hovudsakleg knytt til IKT-infrastruktur, IKT-tryggleik, pc-ar, auka datamengder for HK-dir, og flytting av fleire serverar over til skyløysing. Tilsvarende investeringar er planlagde for 2025. I tillegg var det investeringar til ny prøveteneste, heimeside og til Kanalregisteret, og dessutan til mindre tilpassingar av kontorlokala i Bergen og Oslo.

I 2025 vil HK-dir halde fram med investeringar i ny prøveteneste, interne saksbehandlingssystem og karriererettleingsarbeidet. I tillegg skal det investerast i ein ny kvalifikasjonsdatabase som legg til rette for meir effektive godkjenningsprosessar.

Bergen, 10.02.2025



Sveinung Skule
Direktør

6.2 Prinsippnote for oppstilling av løyvingsrapportering og artskontorrapportering

Rekneskap for statlege verksemder er utarbeidd og avlagt etter nærmare retningslinjer fastsette i føresegnar om økonomistyring i staten ("føresegnene"). Rekneskapen er i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.4.1, nærmare føresegnar i Finansdepartementets rundskriv R-115 frå desember 2022 og eventuelle tilleggskrav fastsett av Kunnskapsdepartementet. Det er utarbeidd ein eigen prinsippnote for regneskapet til verksemda, som blir ført i tråd med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS).

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i føresegnene punkt 3.4.2 – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følger kalenderåret (eittårsprinsippet)
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret (fullstendigheitsprinsippet)
- c) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet
- d) Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med bruttobeløp (bruttoprinsippet)

Oppstillingane av løyvings- og artskontorrapportering er utarbeidd etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krava i føresegnene punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Verksemda er tilknytt konsernkontoordninga frå staten i Noregs Bank i samsvar med krav i føresegnene pkt. 3.7.1. Bruttobudsjetterte verksemder blir ikkje tilført likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Ved årets slutt blir saldoen på kvar enkelt oppgjerskonto nullstilt ved overgang til nytt år. I tillegg har HK-dir tre eurokontoar. Ein av desse er knytt til eit program frå Nordisk ministerråd og som vi må søke om unntak for frå konsernkontoordninga i staten. For dei to andre eurokontoane, som er knytte til program frå EU, trengst det ikkje unntak. Desse tre valutakontoane visast i «Balanse – eigdeilar» og i note 17.

Alle tal er i 1 000 kroner, så lenge ikkje anna er oppgitt.

6.2.1 Løyvingsrapporteringa

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingsrapporteringa og ein nedre del som viser behaldningar som verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Det blir stilt opp etter dei kapitla og postane i løyvingsrekneskapet verksemda har fullmakt til å disponere. Kolonnen «Samla tildeling» viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle eigedommar og forpliktingar verksemda står oppført med i statens kapitalrekneskap.

Mottatte fullmakter til å belaste ei anna verksemds kapittel/post (belastningsfullmakter) blir ikkje vist i kolonnen for samla tildeling, men er omtalt i note B til løyvingssoppstillinga. Utgiftene knytt til mottatte belastningsfullmakter er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen, og blir vist i kolonnen for rekneskap.

Avgitte belastningsfullmakter er inkluderte i kolonnen for samla tildeling, men blir ikkje bokførte og rapporterte til statsrekneskapen frå verksemda sjølv. Avgitte belastningsfullmakter blir bokførte og rapporterte av verksemda som har fått belastningsfullmakta og blir derfor ikkje vist i kolonnen for rekneskap. Dei avgitte fullmaktene kjem fram i note B til løyvingssoppstillinga.

6.2.2 Artskontorrapporteringa

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar og ein nedre del som viser eigedelar og gjeld som inngår i mellomvære med statskassen. Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar. Verksemda har ein trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje rapporterte som ei inntekt til statsrekneskapen og derfor ikkje vist som inntekt i artskontorrapporteringa.

Oppstilling av løyvsrapportering for bruttobudsjetterte verksemdar

Utgifts- kapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling for 2024	Rekneskap 31.12.2024	Meirutgift (-) og mindreutgift
0201	Analyse og kunnskapsgrunnlag Modnadsanalyse for Deling av data om utdanning, forskning og integrering	21	Særskilde driftsutgifter	A, B	21 950	20 810	1 140
0225	Tiltak i grunnopplæringa	69	Tiltak for fullføring av vidaregåande opplæring	A, B	403 117	403 117	0
0240	Fagskular	60	Driftstilskot til fagskular	A, B	1 384 174	1 381 220	2 954
0240	Fagskular	61	Utviklingsmidlar til fagskular	A, B	100 028	70 407	29 621
0241	Felles tiltak for fagskular	21	Særskilde driftsutgifter	A, B	26 944	15 261	11 683
0254	Studieforbund osb.	70	Tilskot til studieforbund	A, B	73 312	73 312	0
